NOREGS OFFISIELLE STATISTIKK XI. 159

TELEGRAFVERKET

1952—1953

Statistique des télégraphes et des téléphones de la Norvège
L'exercice 1952—1953

TELEGRAFSTYRET
OSLO 1954

Norges Offisielle Statistikk, rekkje XI.
Norway's Official Statistics, series XI.

Rekkje XI. **Prenta 1953.**

Nr. 119. Økonomisk utsyn over året 1952. *Economic survey.*
- 120. Kommunevalgene og ordførervalgene 1951. *Elections in the rural and town municipalities.*
- 121. Meieribruket i Noreg 1951. *Norway's dairy industry.*
- 122. Norges private aksjebanker og sparebanker 1950 og 1951. *Commercial and savings banks in Norway.*
- 123. Forsikringsselskaper 1951. *Sociétés d'assurances.*
- 124. Norges bergverksdrift 1951. *Norway's mining industry.*
- 125. Norges jernbaner 1949—50. *Chemins de fer norvégiens.*
- 126. Lønnsstatistikk 1951. *Statistics on wages.*
- 127. Jordbruksstatistikk 1952. *Agricultural statistics.*
- 128. Husholdningsregnskaper oktober 1951—september 1952. *Family budgets.*
- 129. Norges postverk 1952. *Statistique postale.*
- 130. Norges industri 1951. *Industrial production statistics.*
- 131. Forbruksundersøkelse 1952 etter intervjumetoden. *Family budgets according to the interview method.*
- 132. Norges kommunale finanser 1948/49 og 1949/50. *Municipal finances.*
- 133. Norske skip i utenriksfart 1949 og 1950. *Norwegian vessels in foreign trade.*
- 134. Folkemengden i herreder og byer 1. januar 1952. *Population in rural districts and towns.*
- 135. Kommunenes gjeld og kontantbeholdning m.v. 1952. *Municipal debt and cash balance etc.*
- 136. Telegrafverket 1951—52. *Télégraphes et téléphones de l'Etat.*
- 137. Alkoholstatistikk 1951—1952. *Alcohol statistics.*
- 138. Syketrygden 1950. *Assurance-maladie nationale.*
- 139. Norges Brannkasse 1950—1952. *National fire insurance office.*
- 140. Veterinærvesenet 1950. *Service vétérinaire.*
- 141. Sinnssykehusenes virksomhet 1951. *Hospitals for mental disease.*
- 142. Norges handel 1951. *Foreign trade of Norway.*
- 143. Nasjonalregnskap 1900—1929. *National accounts.*
- 144. Statistisk årbok 1953. *Statistical yearbook of Norway.*
- 145. Folketellingen 1. desember 1950. I. Folkemengde og areal i de ymse administrative inndelinger av landet. Hussamlinger i herredene. *Population census December 1, 1950. I. Population and area of the various administrative sections of the country. Agglomerations in rural municipalities.*
- 146. Folketellingen 1. desember 1950. II. Folkemengden fordelt etter kjønn, alder og ekteskapelig stilling. *Population census December 1, 1950. II. Population by sex, age, and marital status.*
- 147. Ulykkestrygden for industriarbeidere m.v. 1950. *Assurances de l'Etat contre les accidents pour les ouvriers industriels etc.*
- 148. Folkemengdens bevegelse 1951. *Vital statistics.*
- 149. Norges fiskerier 1951. *Fisheries statistics of Norway.*
- 150. Norges elektrisitetsverker 1950. *Electricity plants.*
- 151. Skolestatistikk 1949—50. *Instruction publique.*

NOREGS OFFISIELLE STATISTIKK XI. 159.

TELEGRAFVERKET

1952—1953

Statistique des télégraphes et des téléphones de la Norvège
L'exercice 1952—1953

TELEGRAFSTYRET
L'ADMINISTRATION DES TÉLÉCOMMUNICATIONS
OSLO 1954

Utkomen før:
For åra 1884—1898, sjå Norges Offisielle Statistikk, rekkje III seinast nr. 318, 1899—1905 IV seinast nr. 129, 1905—1912 V seinast nr. 191, 1912—1919 VI seinast nr. 187, 1919—1925 VII seinast nr. 190, 1925—1931 VIII seinast nr. 184, 1931—1939 IX seinast nr. 190.

Telegrafverket 1939—1940 X nr. 13, 1940—1941 X nr. 46, 1941—1942 X nr. 61, 1942—1943 X nr. 74, 1943—1944 X nr. 94, 1944—1945 X nr. 120, 1945—1946 X nr. 140, 1946—1947 X nr. 184, 1947—1948 XI nr. 4, 1948—1949 XI nr. 37, 1949—1950 XI nr. 61, 1950—1951 XI nr. 93, 1951—1952 XI nr. 136.

Publikasjonen utgis i kommisjon hos
H. Aschehoug & Co., Oslo, og er til salgs hos alle bokhandlere.
Pris kr. 4.00 + oms.avgift.

A.s John Griegs Boktrykkeri, Bergen

Innhald.

Side

Noregs telekommunikasjonar. Innleiing 5*

A. Melding frå Telegrafstyret for budsjettåret 1952—53.

I. Administrasjon 7*
Organisasjon 7*
Ymse administrative tiltak ... 7*

II. Personalet 8*
Løn og arbeidsvilkår 8*
Sysselsette personar 8*
Undervisningsverksemda 12*
Ymse sosiale stønader og velferdstiltak 12*

III. Stasjonsbygningar..... 14*
Nye hus og kjøp av grunn .. 14*
Større vølings- og oppnyingsarbeid 18*

IV. Stasjonar, stasjonsutstyr og samband 18*
Telegraf og telex 19*
Telefon 20*

Linesamband 24*

Lineruter 24*
Tråd 25*
Samband i bruk 26*
Skade på linenettet 27*
Nye anlegg 27*

V. Radio 29*
Oversyn 29*
Kystradiostasjonar 30*
Faste radiosamband..... 31*
Radiostasjonane på Svalbard.. 31*
Radiostasjonar som Meteorologisk Institutt driv..... 32*
Bakkestasjonar 32*
Radiostasjonar om bord i skip og fly 33*
Kringkastinga 33*

VI. Trafikk, takstar og trafikkinntekter 34*
Telegraf 34*
Rikstelefon 37*
Lokaltelefon, apparat og telefontettleik 39*
Telegrafverkets abonnentanlegg 40*
Tilknytingsnetta..... 42*
Private telefonselskap..... 42*

Side

VII. Økonomi 43*
Inntekter og utgifter i budsjettåret 44*
Telegrafverkets kapital..... 51*
Anleggskapitalen 51*
Rentepliktig kapital..... 52*
Anleggsverksemda 53*

VIII. Samla oversyn over telegraf og telefon i Noreg 56*

B. Tabellar vedkomande Telegrafverkets drift 1952—53.

Tab. 1 a, b, c, d. Samla økonomisk driftsoversyn 2
» 2. Økonomisk oversyn over abonnentanlegga 58
» 3. Liner, apparat, trådlengd og samtaler ved abonn.anlegga 64
» 4a. Geografisk oversyn over telegramtrafikken med utlandet (Terminal) 86
» 4b. Geografisk oversyn over telegramtrafikken med utlandet (Transitt) 91
» 4c. Telex (abonnentfjernskrivar) trafikken med utlandet.... 92
» 5. Telegramtrafikken med utlandet over dei ymse vegane.. 93
» 6a. Telegramtrafikken månadsvis 99
» 6b. Telefontrafikken månadsvis 99
» 7a. Telefontrafikken med utlandet. Vegar..... 100
» 7b. Telefontrafikken med utlandet. Land 104
» 8. Trafikken ved telegraf- og rikstelefonstasjonane 110
» 9a. Trafikken ved kystradiostasjonane..... 120
» 9b. Trafikk ved bakkestasjonane 122
» 10a, b, c og d. Tenestemennene i Telegrafverket 124
» 11. Personale og arbeidsyting ved stasjonane 130
» 12. Sjukedagar per tenestemann ved dei ymse arbeidsgreiner 142
» 13a. Stasjonsutstyr og tilkn. telefonapparat 144
» 13b. Radioutstyr ved stasjonane 150
» 13c. Radioutstyr ved bakkestasjonane..... 151
» 14. Trafikk, inntekter og utgifter fylkesvis 152
» 15. Trafikken på dei viktigare rikstelefonsambanda 153
» 16. Oversyn over Telegrafverket frå 1855 til 1952—53.... 164
» 17. Statistikk for 1951 for ymse land 166

Table des matières.

Page

Les télécommunications de la Norvège. Préface. 5*

A. Rapport du Directeur Général sur l'exercice 1952—53.

I. Administration 7*
Organisation 7*
Quelques décisions administratives importantes 7*

II. Personnel 8*
Rémunération et conditions de travail 8*
Effectif 8*
L'instruction professionelle . 12*
Caisse de sécours etc..... 12*

III. Bâtiments 14*
Nouvelles constructions et achats de terrains 14*
Réparations et renouvellements importants 18*

IV. Bureaux, installations et circuits. 18*
Service télégraphique. Telex. 19*
Service téléphonique 20*

Lignes 24*

Parcours des lignes 24*
Longueur des fils 25*
Nombre et nature des circuits en exploitation 26*
Avarie dans les réseaux 27*
Travaux neufs achevés 27*

V. Radio 29*
Aperçu 29*
Stations côtières 30*
Liaisons radio fixes 31*
Stations radioélectriques à Svalbard 31*
Stations appartenant au service météorologique 32*
Stations aéronautiques 32*
Stations de navire et d'aéronef..... 33*
Radiodiffusion 33*

VI. Trafic, taxes et recettes..... 34*
Trafic télégraphique 34*
Trafic téléphonique interurbain 37*
Réseaux d'abonnés. Postes d'abonné. Densité téléphonique 39*
Réseaux d'abonnés 40*
Abonnés raccordés aux bureaux du réseau interurbain 42*
Compagnies téléphoniques concessionnaires 42*

Page

VII. Gestion financière 43*
Recettes et dépenses 44*
Capitaux engagés 51*
Capitaux de premier établissement 51*
Capitaux productifs d'intérêts au Trésor public 52*
Travaux neufs 53*

VIII. Aperçu sur l'ensemble des réseaux télégraphiques et téléphoniques 56*

B. Tableaux relatifs à l'exploitation 1952—53.

Tab. 1 a. b. c. d. Recettes et dépenses d'exploitation 2
» 2. Recettes et dépenses des réseaux d'abonnés 58
» 3. Lignes, postes d'abonné etc. des réseaux d'abonnés.... 64
» 4a. Trafic télégraphique avec l'étranger (Trafic terminal) 86
» 4b. Trafic télégraphique international de transit 91
» 4c. Trafic telex avec l'étranger 92
» 5. Trafic télégraphique avec l'étranger (Voies) 93
» 6a. Trafic télégraphique par mois..... 99
» 6b. Trafic téléphonique par mois 99
» 7a. Trafic téléphonique avec l'étranger (Voies) 100
» 7b. Trafic téléphonique avec l'étranger (Pays) 104
» 8. Trafic écoulé par les bureaux télégraphiques et téléphoniques 110
» 9a. Trafic écoulé par les stations côtières 120
» 9b. Trafic écoulé par les stations aéronautiques 122
» 10a, b, c, d. Personnel..... 124
» 11. Personnel des bureaux et rendement 130
» 12. Absence pour cause de maladie 142
» 13a. Equipement des bureaux et postes d'abonné 144
» 13b. Equipement radioélectrique dans les bureaux 150
» 13c. Installations radioélectriques des stations aéronautiques 151
» 14. Trafic, recettes et dépenses par département 152
» 15. Trafic sur les circuits téléphoniques interurbains ... 153
» 16. Développement depuis 1855 164
» 17. Tableau récapitulatif des statistiques d'autres pays. Année 1951 166

Noregs telekommunikasjonar.

Etter lov frå 29. april 1899 har staten monopol på å byggja og driva telekommunikasjonar. I samsvar med denne lova er bygging og drift av telefon og telegraf administrert av Telegrafstyret som høyrer inn under Samferdselsdepartementet.

Drifta av det ålmenne telegraf- og langlinetelefonnettet ligg under Telegrafstyret. Like eins er det og med storparten av lokaltelefonen. Som eit unnatak blir lokaltelefonen på einskilde stader driven av private selskap som har konsesjon frå Telegrafstyret. Desse selskapa midlar også telegram for ålmenta. Etter avtale midlar óg N.S.B. telegram for ålmenta over det telefonnettet som jarnvegen sjølv driv for å tryggja togferdsla.

Telegrafstyret byggjer og driv kystradiostasjonane til å tryggja skipsfarten og midla telefon- og telegramtrafikk med skip i sjøen. Bygging og drift av radioteknisk navigasjonsutstyr for skipsfarten tek fyrvesenet hand om. Fyrvesenet byggjer og driv sjølv mindre radiotelefonstasjonar på fyra.

Til det ålmenne telekommunikasjonsnettet som Telegrafverket driv høyrer også radiostasjonane, unnateki dei radiostasjonane i Ishavet som Meteorologisk Institutt driv av omsyn til vervarslingstenesta.

Radiotenesta om bord i norske skip blir teki hand om av private selskap etter konsesjon frå Telegrafstyret. Det same gjeld også mindre radiostasjonar i land og landmobile stasjonar som berre midlar telegram og telefonsamtaler mellom visse stasjonar som går inn under dei einskilde konsesjonane.

For Luftfartsdirektoratet byggjer og driv Telegrafstyret bakkestasjonane og anna radioteknisk utstyr til trygging av luftferdsla.

Telegrafstyret byggjer og driv alle kringkastarane for Norsk Rikskringkasting.

Telegrafverkets administrative oppbygging.



A. Melding frå Telegrafstyret for budsjettåret 1952—53.

I. Administrasjon

Organisasjon.

Telegrafverkets administrasjon deler seg i tre: sentraladministrasjonen, distriktsadministrasjonen og lokaladministrasjonen. Beinveges under telegrafdirektøren som er den høgste administrative leiaren, høyrer dei fire fagsjefane i Telegrafstyret (sentraladministrasjonen), telefondirektørane for Bergen, Oslo og Stavanger telefonanlegg og 12 distriktsjefar. Dei siste er sjefar for kvar sin distriktsadministrasjon. Under distriktsadministrasjonen høyrer dei einskilde telegrafstyrarane som til regel har fleire stasjonar under seg (ein kontrollkrins). Beinveges under Telegrafstyret ligg likevel telegrafstyrarane ved kringkastingstasjonar og bakkestasjonar, dessutan styrarane ved Svalbard radio og Isfjord radio.

Da budsjettåret enda var det telegrafstyrarar ved

131 vanlege telegraf- og rikstelefonstasjonar
3 sjølvstendige telefonanlegg
14 sjølvstendige radiostasjonar
13 kringkastarar
21 bakkestasjonar, 1 radiofyr.

I budsjettåret blei det gjort desse brigde i den administrative oppdelinga:

Frå 1. juli 1952 blei Nordfjordeid stasjon med kontrollkrins lagd under Stryn kontrollstasjon, Løkken Verk stasjon under Trondheim kontrollstasjon og Rena stasjon under Elverum kontrollstasjon. Frå 1. januar 1953 blei Sauda stasjon og Sand Ryfylke kontrollkrins slegne saman til ein kontrollkrins med kontrollstasjon i Sauda.

Ymse administrative tiltak.

På fullmaktskonferansen til den internasjonale telekommunikasjonsunionen i Buenos Aires 1. oktober—22. desember 1952 var Noreg representert ved telegrafdirektør Sv. Rynning-Tønnesen, sjefingeniør Olaf Moe og kontorsjef Andreas Strand.

Til plenarforsamlinga i den internasjonale rådgjevande komitéen for telegrafi (CCIT) 26. mai—13. juni 1953 i Arnhem, der ein m.a. drøfta samanslåing av CCIT og CCIF, møtte desse representantane for Noreg: Overingeniør J. Ringstad, kontorsjef A. Strand og sekretær T. Nebell.

I tida 6.—28. mars 1953 var det møte i fleire studiekommisjonar i den internasjonale rådgjevande komiteen for telefoni (CCIF) i Genève. Norske representantar var trafikksjef Leif Larsen, avdelingsingeniør Olav Nystog og sekretær P. Rabbås.

På det spesielle frekvensmøtet til den internasjonale luftfartsorganisasjonen (ICAO) i Paris 28. oktober—14. november 1952 var Noreg representert av inspektør Odd J. Sandvei.

12.—15. mai 1953 var det nordisk telekonferanse i Ribe. Ein drøfta m.a. oppmodinga frå det Nordiske Rådet om å granska spørsmålet om meir einsarta telefon- og telegraftakstar. Norske representantar var: Telegrafdirektør Sv. Rynning-Tønnesen, trafikksjef Leif Larsen, personalsjef Sv. Mjøset, overingeniør J. Ringstad og kontorsjef A. Strand. På eit nordisk møte i Oslo 20.—21. april 1953, der ein drøfta fjernvalekspedisjonen i telefontrafikken i Norden, møtte desse representantane for Noreg: Trafikksjef Leif Larsen, overingeniør E. Jarheim, overingeniør T. Dovland, avdelingsingeniør O. Nystog og telegrafstyrar E. Iversen.

Saman med Norsk Rikskringkasting arbeider Telegrafstyret med spørsmålet om fjernsyn i Noreg, og to ingeniører i Telegrafstyret er medlemer av eit arbeidsutval som Norsk Rikskringkasting har sett ned for å driva tekniske fjernsynprøver.

II. Personalet.

Løn og arbeidsvilkår.

Ved lov 28. juni 1952 er vedteki at det maksimale innskotsgrunnlaget i Statens Pensjonskasse frå 1. april 1952 skal svara til regulativløna i lønsklasse 17 i Statens lønsregulativ.

Frå 1. juli 1952 er det etter tingingar mellom Telegrafstyret og tenestemannsorganisasjonane gjort ein del brigde i satsane i nattevaktsavtala for stasjonane.

Sosialdepartementet har fastsett innskots- og pensjonsgrunnlag i Statens Pensjonskasse for arbeidsstyrar med delvis fast årsløn.

Telegrafstyret har med godkjenning frå Finansdepartementet fastsett føresegner for utbetaling av søndagstillegg i Telegrafverket.

Kommunal- og Arbeidsdepartementet tok 16. desember 1952 avgjerd om at trygdekassene skal krevja inn avgift til Feriefondet med 2 øre per veke for arbeidstakaren og 2 øre per veke for arbeidsgjevaren.

Finansdepartementet fastsette i rundskriv 27. februar og 26. mai 1953 føresegner for permisjon til tenestemenn og overenskomstlønte statsarbeidarar som byggjer hus.

Stortinget har i samband med vedtak av budsjettet for Telegrafverket 1953—1954 godkjent føresegner om fastsetting av tevlingsansiennitet for tenestemenn som tar Telegrafskulens 2. avdeling.

Finansdepartementet fastsette i rundskriv 16. april 1953 føresegner om dei ekstraverv og attåtpostar som ein statstenestemann kan ha.

Ved stortingsvedtak 8. juni 1953 er fastsett nye føresegner for poengberegning for telegrafstyrarpostane.

Stortinget vedtok 13. juli 1953 lønsregulering for offentlege tenestemenn med verknad frå 1. april 1953.

I budsjettåret er dei ymse tariffane mellom Telegrafstyret og Norsk Telegraf- og Telefonforbund samla i ein «Fellesoverenskomst for tariffløn personale i Telegrafverket».

Sysselsette personar.

	30. juni 1953				30. juni 1952
	Telegrafverkets eigne stasjonar og anlegg	Kringkastarane	Bakkestasjonane	I alt	
Fast tilsette og konstituerte tenestemenn	7694	87	129	7910	7537
Regulativløn te, ikkje faste	1711	—	82	1793	1832
Tariffløn te i stadig arbeid	2169	—	—	2169	2013
Personale på stasj.haldsregulativet	3807	—	—	3807	3825
Kontrakt- og takstpartløn personale	546	—	—	546	558
I alt	15927	87	211	16225	15765

I dette oversynet har ein også teki med faste tenestemenn som var permitterte utan løn da budsjettåret enda. For nokre av dei tariffløn te har ein ikkje rekna tålet på sysselsette per 30. juni, men teki eit utrekna medeltal for arbeidsesongen.

Fast tilsette og konstituerte tenestemenn	Kontorpersonale i sentr. og distr.adm.	Kontor- og eksped.personale ved stasjonane	Teknikarar, montørar o. m.	Bod, betjentar o. m.	Anna personale	Til saman 30. juni 1953	30. juni 1952
Telegrafstyret	323	—	28	14	—	365	371
Av desse med lønsref. frå NRK.	(15)	—	—	(1)	—	(16)	(27)
Revisjonskontoret	29	—	—	1	—	30	29
Hovudlageret[1]	—	—	—	24	—	24	10
Hovudverkstaden[1]	—	—	52	2	—	54	36
Fjernkabelavdelinga[1]	—	—	51	1	—	52	54
Impregneringsverket	—	2	35	—	—	37	39
Sjøkabeltilsynet	—	6	6	—	—	12	12
Telegrafverkets masteanlegg	—	—	3	—	—	3	3
Telegrafskulen	—	2	—	—	—	2	[5]—
Verkslækjarkontoret	—	4	—	—	—	4	[5]—
Distriktstyra	107	—	140	5	—	252	239

Fast tilsette og konstituerte tenestemenn	Kontorpersonale i sentr. og distr.adm.	Kontor- og eksped.personale ved stasjonane	Teknikarar, montørar o.m.	Bod, betjentar o. m.	Anna personale	Til saman 30. juni 1953	30. juni 1952
Telegraf- og rikstfn.stasjonane	—	[2]4574	1836	[3]426	[4]23	6859	6550
Kringkastingstasjonane	—	56	15	4	—	75	73
Ståkkontrollen	—	—	12	—	—	12	[5]—
Bakkestasjonane	—	115	14	—	—	129	121
Til saman	459	4759	2192	477	23	7910	7537
Av desse permitterte utan løn	18	195	19	5	—	237	212
Fast tilsette og konstituerte tenestemenn i teneste	*441*	*4564*	*2173*	*472*	*23*	*7673*	*7325*
Løyvde postar							8411
Av desse ledige							874

[1]) Kontorpersonalet rekna med under Telegrafstyret. [2]) Av desse gjorde 4 mellombels teneste ved distriktstyra og 16 i Telegrafstyret [3]) Av desse gjorde 2 bod mellombels teneste i Telegrafstyret. [4]) Tenestemenn knytt til tgf.-bygningen i Oslo og messa der. [5]) Teki med under Telegrafstyret.

Regulativlønte, ikkje fast tilsette	Teknikarreservar	Regulære				Irregulære reservar	Til saman 30. juni 1953	30. juni 1952
		Eksp.-reservar	Radioreservar	Tgf.-reservar	Tfn.-reservar			
Telegrafstyret	—	—	—	3	1	—	4	6
—»— (mellombels ing.)	—	—	—	—	—	—	—	1
Revisjonskontoret	—	—	—	—	—	—	—	1
Distriktstyra	—	1	—	4	3	2	10	10
Telegraf- og rikstelefonstasjonane	14	38	27	151	1068	346	1644	1723
—»— (mellombels tekn. o. m.)	—	—	—	—	—	—	53	—
Kringkastarane	—	—	—	—	—	—	—	4
Bakkestasjonane (mellombels tils. funksjonærar)	—	—	—	—	—	—	71	75
Bakkestasjonane (mellombels tilsette teknikarar III)	—	—	—	—	—	—	11	26
Regulativlønte, ikkje faste, i alt	14	39	27	158	1072	348	1793	1846

Tarifflønte i stadig arbeid	30/6 1953	30/6 1952
Ikkje faste bod	480	469
Dagarbeidarar o. m. ved stasjonane	511	444
—»— Fjernkabelavdelinga[1]	96	75
—»— lineanlegga[1]	608	553
—»— masteanlegga	5	—
—»— Impregneringsverket	15	11
—»— Hovudverkstaden	35	52
—»— Hovudlageret	20	20
—»— på kabelskip og distriktskøyter	35	42
Reingjeringskvinner (med arbeid jamt over 20,8 timar i veka)	364	347
I alt	2169	2013

[1]) Medeltal for arbeidsesongen 1952—53.

Mellom dei ikkje fast tilsette regulativlønte og tarifflønte i stadig arbeid var det 114 som gjorde teneste i postar som er melde inn i Statens Pensjonskasse.

Dessutan hadde Telegrafverket i alt 171 lineoppsynsmenn, 46 av desse hadde også anna arbeid i Telegrafverket som stasjonshaldarar, telegrafbod eller telefonarbeidarar. Oppsynsmennene har som regel ei mindre fast godtgjersle for året og elles timeløn fastsett av Telegrafstyret.

Personale på stasjonshaldsregulativet	30/6 1953	30/6 1952
1. Stasjonshaldarar som er offentlege tenestemenn	824	809
2. Stasjonshaldarar som ikkje er offentlege tenestemenn	1466	1489
3. Landstelefonistar	265	264
4. Landstelefonistreservar	195	172
5. Hjelpebetjening lønt av stasjonshaldarar	1057	1091
	3807	3825
Kontrakt- og takstpartlønt personale (utanom stasjonshaldsregulativet):	546	558
I alt	4353	4383
Av desse: Personar med telefonteneste som hovudyrke	2327	2270
—»— —»— attåtyrke	2026	2113

Talet på kvinner og menn var:

	30/6 1953		30/6 1952	
Fast tilsette:	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
Kontor- og ekspedisjonspersonale	4 250	968	4 142	920
Teknikarar, telefonmontørar o. m.	—	2 195	—	2 012
Bodtenestemenn	10	472	12	441
Messebetjening og syersker	15	—	10	—
	4 275	3 635	4 164	3 373
Regulativlønte, ikkje faste:				
Reservefunksjonærar	1 514	130	1 578	153
Andre ikkje faste	4	145	5	96
	1 518	275	1 583	249
Tarifflønte:				
Ikkje faste bod	170	310	171	298
Dagarbeidarar o. m.	34	1 291	29	1 168
Reingjeringskvinner	364	—	347	—
	568	1 601	547	1 466
Personale på stasjonshaldsregulativet	2 640	1 167	2 635	1 200
Kontrakt- og takstpartlønt personale	285	261	278	270
I alt	9 286	6 939	9 207	6 558

Tenestemenn som er slutta i budsjettåret:

	Dødsfall	Avskil	Til saman
Fast tilsett kontor- og ekspedisjonspersonale	10	243	253
Reservefunksjonærar	—	67	67
Formenn, teknikarar, telefonmontørar o. fl.	16	40	56
Bodtenestemenn	2	9	11
Mellombels funksj. ved aeradiostasj. og kringkastarar	—	3	3
Til saman	28	362	390

Oppgåve over personalet delt på distrikt finn ein i tabell 10 a-d.

Vakter av reservefunksjonærar (hjelpe- og vikarteneste):

	Budsjettåret 1952—53	Budsjettåret 1951—52
Telegrafstyret	5 876	3 583
Revisjonskontoret	157	650
Distriktstyra	5 508	5 093
Stasjonane	417 808	454 071
Til saman	429 349	463 397

Kontor- og ekspedisjonspersonale (med vanleg regulativløn) i stadig teneste delt på dei ymse arbeidsgreinene:

	30/6 1953	30/6 1952	Auke i budsj.året
Telegrafstyret	333	329	11
Telegrafskulen og verkslækjarkontoret	7		
Impregneringsverket og sjøkabeltilsynet	8	8	—
Revisjonskontoret	28	28	—
Distriktstyra	121	120	1
Kringkastingstasjonane	56	60	÷ 4
Telegrafmessa	1	1	—
[1])Stasjonane: Styrar- og kassekontor	1 216	1 142	74
Telegrafekspedisjon, line	755	754	1
Telegrafekspedisjon, radio	104	105	÷ 1
Rikstelefonekspedisjon	2 032	1 952	80
Telefonekspedisjon, radio	29	27	2
Abonnenttelefonekspedisjon	678	700	÷ 22
Vikarteneste for vekefridag	213	187	26
Til saman	5 581	5 413	168

Bodpersonalet, delt på dei ymse arbeidsgreinene:

	30/6 1953	30/6 1952	Auke i budsjettåret
Telegrafstyret	23	22	1
Revisjonskontoret	1	1	—
Distriktstyra	8	8	—
Kringkastinga	4	2	2
Husa til Telegrafverket, Hovudlageret, Hovudverkstaden, Fjernkabelavd., Messa i Oslo	34	21	13
[1])Stasjonane: Ombering	360	364	÷ 4
Innkrevjing	323	312	11
Anna arbeid	127	114	13
Til saman	880	844	36

[1]) Oppgåve over personalet ved dei einskilde stasjonane finn ein i tabell 11.

Sjukdomsforfall.

Denne oppgåva for personalet ved dei ymse arbeidsgreinene er utarbeidd etter personaloppgåvene frå stasjonar med regulativlønt personale. Berre dei funksjonærane som har rett til sjukepermisjon med løn, og dei sjukedagane som Telegrafverket har gjevi full løn for (sjukepermisjon med fri vikar eller utan vikar) er rekna med. Oppgåve over sjukedagane jamt over per funksjonær ved dei einskilde stasjonane står i tabell 11. Tabell 12 gjev oversyn over sjukdomsforfall i arbeidsgruppene i dei einskilde telegrafdistrikta.

	Jamt over for 1952—53				Jamt over for 1951—52	
	Funksjonærar i gruppa		Sjukedagar per funksjonær		Sjukedagar per funksjonær	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
Kontorarbeid	1021	694	17,6	8,4	15,8	7,5
Kontorarbeid og eksp.arbeid skiftevis	57	6	10,7	1,3	23,0	0,2
Telegrafekspedisjon	643	126	20,9	6,6	22,3	8,4
Radioekspedisjon	27	98	14,3	9,4	12,8	8,1
Telegraf- og telefonekspedisjon skiftevis	103	7	12,9	2,0	12,0	3,5
Rikstelefonekspedisjon	1836	2	26,4	8,6	28,1	—
Rikstelefon- og abonnenttelefonekspedisjon skiftevis	891	5	15,1	4,6	16,5	1,7
Abonnenttelefonekspedisjon	369	1	23,6	—	23,3	—
Arbeidsgreinene under eitt	4947	939	21,1	8,1	21,9	7,5

Talet på sjukedagar i budsjettåret jamt over per tenestemann:

	1949—50	1950—51	1951—52	1952—53
Funksjonærar, kvinner	22,1	22,2	21,9	21,1
—»— menn	7,5	7,4	7,5	8,1
Alle funksjonærar under eitt	20,1	20,1	19,7	19,0
Teknikarar, montørar o. m., kvinner	15,1	29,7	28,4	25,5
—»— menn		14,7	14,2	15,0
Bodtenestemenn, kvinner	14,9	9,0	10,8	11,0
—»— menn		14,9	13,4	15,3

Undervisningsverksemda.

I budsjettåret 1952—53 er desse kursa fullførde:

	Kurs	Elevar
Telegrafkurs	2	61
Automatkurs	1	21
Montørkurs	1	14
Telefonkurs i Oslo distrikt	2	43
— Østfold »	1	24
— Oppland »	1	14
— Drammen »	1	22
— Agder »	1	18
— Rogaland »	1	20
— Bjørgvin »	1	27
— Møre »	1	15
— Trøndelag »	1	24
— Nordland »	—	—
— Troms »	1	24
— Finnmark »	1	12
Kurs for radiotelegrafistar (opplæring til teneste ved Radiosentralen og Oslo stasjon. Kurset varde i 4 månader)	1	15

Telegrafskulen i Oslo heldt eit perfeksjonskurs for rikstelefonfunksjonærar. Kurset varde i 4 veker og hadde 37 elevar. Det blei også haldi eit perfeksjonskurs for tenestemenn ved kyst- og bakkestasjonar. Kurset varde i 12 veker og hadde 20 elevar.

For telefonmontørar hadde ein desse perfeksjonskursa:

1 i Lødingen for 16 deltakarar i 3 veker.
1 i Bergen for 20 deltakarar i 4 veker.
2 i Bodø for 31 deltakarar i 4 veker.

Da budsjettåret enda, var det i gang eit høgre kurs med 32 elevar.

Språkkurs.

Ein hadde i budsjettåret eit franskkurs for tenestemenn i Telegrafstyret, 2 franskkurs for næmingar og 2 franskkurs for vidarekomne tenestemenn i rikstelefonen i Oslo, 2 franskkurs for næmingar og 2 franskkurs for vidarekomne tenestemenn ved telegrafen i Oslo.

Ymse sosiale stønader og velferdstiltak.

Hjelpefondet for tenestemennene i Telegrafverket blei skipa ved kgl. res. 14. januar 1873. Det heitte opphavleg «Tilleggspensjonsfondet for Rikstelegrafens Bestillingsmenn». Statuttar for Hjelpefondet finn ein i Instruksjonar for tenesta i Telegrafverket, band III.

Rekneskap for kalenderåret 1952:

Vinnings- og tapskonto.

Inntekter:			
Renter frå låntakarar		27 551,73	
Renter av obligasjonar og bankinnskot		9 562,97	
Andre inntekter, bøter o. m.		13 059,22	
Løyving til pensjonar av «Ymse stønader»:			
Budsjettåret 1951—52	65 000,00		
Del av budsjettåret 1952—53	45 000,00	110 000,00	160 173,92

Utgifter:		
Pensjonar	12 831,49	
Sjukehjelp	4 400,00	
Pensjonar av «Ymse stønader»	109 182,55	
Stipend og stønader	1 160,00	
	127 574,04	
Overført til fondskapitalen	32 599,88	160 173,92

Balansekonto:

Eige:		
Pantobligasjonar og gjeldsbrev	1 114 205,45	
Hypotekbankobligasjonar	140 000,00	
Statsobligasjonar	125 000,00	
Småbruk- og Bustadbankobligasjonar	94 000,00	
Bankinnskot	24 854,22	
		1 498 059,67
Skuld:		
Fondskapitalen per 1/1 1953		1 498 059,67

Lånekassa til Telegrafverket,

også kalla «lånekassa for telegrafelevar», er skipa ved løyving på driftsbudsjettet for budsjettåra 1923—24 til 1926—27 og 1937—38 til 1941—42. Føremålet er å gje billege lån til elevar som gjennomgår det høgre kurset på Telegrafskulen. Statuttar for verksemda til lånekassa finn ein i Instruksjonar for tenesta i Telegrafverket, band III.

Rekneskap for kalenderåret 1952:

Vinnings- og tapskonto

Inntekter:		
Renter frå låntakarar	1 200,63	
Renter av bankinnskot	1 754,71	2 955,34
Utgifter:		
Overført til kapitalen i Lånekassa		2 955,34

Balansekonto:

Eige:		
Gjeldsbrev frå låntakarar	88 457,55	
Bankinnskot	122 642,02	
		211 099,57
Skuld:		
Kapital per 1/1 1953		211 099,57

Rekneskapshaldet for Hjelpefondet og Lånekassa har hovudbokhaldaren. Hovudbokhaldaren har også rekneskapshaldet for «Telegraffunksjonærenes understøttelsesinnretning» og «Telegraffunksjonærenes begravelseskasse» som begge er tiltak skipa av tenestemennene sjølve.

Verkslækjarordning

hadde ein på desse stadene da budsjettåret tok til: Bodø, Harstad, Odda, Oslo, Porsgrunn, Tromsø, Ålesund. I Oslo hadde Telegrafverket eigen verkslækjarordning, medan det på dei andre stadene er samarbeid med andre verksemder. I budsjettåret blei det skipa verkslækjarordning i Hamar, Hammerfest, Sandefjord, Sarpsborg og Tønsberg. Da budsjettåret enda hadde om lag 4 700 personar slikt lækjartilsyn.

Avslappingsøvingar

etter musikk har ein haldi fram med i Oslo og nokre andre stader. Ein har også teki med avslappingsøvingar som fag ved telegraf- og telefonkursa.

Andre velferdstiltak.

I budsjettåret har Bergen og Trondheim komi med i tiltaket «Kunst på arbeidsplassen».

Det blei i budsjettåret ytt 75000 kroner i tilskot til ferieheimar for personalet. Kr. 50 000,— gjekk med til ymse stønader. t. d. møbel til hyblar for personalet, innbu til matsalar og messer, stønad til fyrstehjelpkurs, idrottslag, songkor o.m. Det blei også gjevi stipend til teknisk opplæring og utdaning og reisestipend for studieferder for personalet.

III. Stasjonsbygningar.

Telegrafverket har om lag 50 større og 160 mindre hus. Ein reknar da ikkje med mindre hus for automatiske telefonsentralar, kabelhus o. m.

Oversyn over husa til Telegrafverket finn ein i Stortingsmelding nr. 10 1932 og tillegg i 1937 og 1949, det siste tek med eigedomar og grunn kjøpt før 31. desember 1947.

Anleggskapitalen for hus og grunn var da budsjettåret enda:

	Hus Kr.	Grunn Kr.	I alt Kr.
Oslo telefonanlegg[1]	3 281 505,52	2 299 872,87	5 581 378,39
Bergen telefonanlegg	2 214 469,23	566 144,89	2 780 614,12
Radioanlegga	569 284,04	—	569 284,04
Faste eigedomar elles[1]	38 243 921,27	3 840 239,20	42 084 160,47
Anleggskapital i alt	44 309 180,06	6 706 256,96	51 015 437,02

Kapitalutgiftene var i budsjettåret:	Hus Kr.	Grunn Kr.	I alt Kr.
	6 119 452,03	75 013,03[2]	6 194 465,06

Løyvinga var på kr. 6 910 900,23 medrekna overføring frå førre budsjettår. At ikkje løyvinga blei nytta heilt ut, kjem av at det for fleire bygg ikkje blei gjevi byggjeløyve.

Oppnying av hus kosta kr. 492 063,35.

Vedlikehald av bygningar kosta kr. 935 136,50 (løyving 900 000,00), og husleige der Telegrafverket ikkje eig hus kr. 741 192,93 (løyving kr. 750 000,00).

Nye hus og kjøp av grunn.

Større husbygg kjøpt i budsjettåret:

Oslo Etter avtale med eigaren kjøpte Telegrafverket Lørenvangen 22 (Lørenvang I) for 1 million kroner. Bygget er ført opp i 1942, kontorfløya i 4 høgder og bygget elles i 3 høgder. Det er kjellar under heile huset, som er eit mur- og betonghus. Hovudlageret held til i fyrste høgda medan Hovudverkstaden har resten av huset. Utgift i alt var kr. 1 000 515,—. Av dette blei kr. 959 576,25 ført til utgift i budsjettåret 1952—53.

Større husbygg under arbeid og førebuing:

Oslo T. A. Arbeidet med å grava ut tomta for Nord sentral tok til i juni 1953. Kostnadsoverslaget er 3.2 mill. kroner. I budsjettåret blei det betalt kr. 19 882,23 til arkitekt og for ymse førebuande arbeid.

Sarpsborg Det nye telegrafhuset er på det næraste ferdig. Arbeidet tok til sumaren 1951, og ein rekna med at det skulle koste 1,3 mill. kroner. Da budsjettåret enda, var det utgiftsført i alt kr. 1 290 861,63.

Gjøvik Det nye telegrafhuset er på det næraste ferdig. Kostnadsoverslaget var på 1,6 mill. kroner da arbeidet tok til i 1949. Da budsjettåret enda, var det utgiftsført i alt kr. 1 793 581,51.

Hamar Utvidinga av telegrafhuset tok til våren 1951 og er no på det næraste ferdig. Kostnadsoverslaget var på 1,5 mill. kroner. Da budsjettåret enda, var det utgiftsført i alt kr. 1 675 862,83.

Narvik Arbeidet med post- og telegrafhuset tok til våren 1952. Da budsjettåret enda, var råbygget ferdig og innreiingsarbeidet i gang. Kostnadsoverslaget var på 2,7 mill. kroner, og da budsjettåret enda var det utgiftsført i alt kr. 1 166 020,44. Av dette kjem kr. 145 629,93 under tomtearbeid som blei utført i åra før krigen.

Tromsø Arbeidet med nytt telegrafhus tok til våren 1952. Da budsjettåret enda, var kjellarhøgda på det næraste ferdig. Kostnadsoverslaget var på 3,5 mill. kroner. Da budsjettåret enda, var det utgiftsført i alt kr. 1 002 343,19.

Vadsø Ein heldt fram med innreiingsarbeidet. Kostnadsoverslaget var på kr. 800 000 da arbeidet tok til i 1951. Da budsjettåret enda, var det utgiftsført i alt kr. 691 621,79.

Hammerfest Arbeidet med telegrafhuset tok til i 1948. Det er no på det næraste ferdig. Da budsjettåret enda, var det utgiftsført i alt kr. 1 021 881 92. Det fyrste kostnadsoverslaget var på 1,1 mill. kroner.

Andre bygg For telegrafhusa i Askim, Steinkjer og Kirkenes har ein enno ikkje fått byggeløyve, heller ikkje for påbygget til Store Markeveg 1, Bergen telefonanlegg. Planane for telegrafhuset i Andenes er blitt seinka.

Til førebuande arbeid i samband med påbygg på telegrafhuset i Trondheim blei det i budsjettåret nytta kr. 7572.

Elles arbeidde Telegrafstyret i budsjettåret med planane for desse større husa: Administrasjonshus for Telegrafstyret og hus for ny sentrumsentral i Oslo, Sunndalsøra telegrafhus, stasjonshus for Harstad radio, Henningsvær telegrafhus og stasjonshus for Hammerfest radio.

1) Heile kapitalen til telegrafbygningen i Oslo er teken med under «Faste eigedomar elles». 2) Av dette vedkjem kr. 5 991 066,97 konto for husbygging, medan kr, 203 398.09 er teki på andre konti i budsjettet.

Mindre husbygg, tomtekjøp o. m.

Oslo — På Linderud blei det sett opp ein forsterkarkiosk på 67,5 m² i ei høgd. Tomta, g.nr. 88, b.nr. 255 i Østre Aker er om lag 1,5 dekar og blei i 1951—52 betalt med kr. 7505. Utgift i 1952—53 var kr. 64615,45.

Jeløy — Sluttarbeidet på tenestemannshuset kosta kr. 26829,25. Utgift i tidlegare budsjettår var kr. 65139,36.

Oslo T. A. — For å få plass til nytt automatutstyr på *Stabekk* blei det sett i gang arbeid med å føra opp eit nytt trappehus. Ein reknar med at utgifta vil bli om lag 23000 kroner. I budsjettåret blei det utgiftsført kr. 19660.

Kongsvinger — I mai 1953 blei det sett i gang arbeid med eit nytt *lagerhus for linemateriell*. Ein reknar med ei samla utgift på kr. 34900. Utgift i budsjettåret var kr. 2047.

Mysen — Arbeidet med *hus for automatsentralen* tok til hausten 1952. Huset skal førast opp i mur, 147,7 m² i ei høgd med full kjellar under. Kostnadsoverslag kr. 150000. Utgift i budsjettåret var kr. 65790,47. Tomta, 765 m², g.nr. 4, b.nr. 61 i Mysen herad, blei kjøpt i 1948—49. Utgifta var kr. 13930,45.

Ski — *Det nye automathuset* blei på det næraste fullført. I budsjettåret var utgiftene kr. 214142,11. I budsjettåret var utgiftene til automathuset på *Oppegård* kr. 23300,70.

Hamar — Fullføring av *tenestemannshuset* kosta kr. 24245,66. Tidlegare er det utgiftsført kr. 72926,71. Utgiftene til *Moelv* automathus var i budsjettåret kr. 5395,58. Arbeidet med kiosk for *Stange* automatsentral tok til i november 1952. Det er ein murkiosk på 56 m² i ei høgd med loft. Kostnadsoverslag kr. 50000. I budsjettåret var utgifta kr. 29516,85. Tomta, 805 m², g.nr. 47. b.nr. 9 i Stange, blei kjøpt i 1949 for kr. 800.

Lillehammer — Brakkemateriala som blei kjøpt i førre budsjettår brukte ein i 1952—53 til å føra opp eit *distriktslagerhus*. Huset er på 475 m² og utgift i 1952—53 var kr. 33805,14.

Tynset — Telegrafverket kjøpte tomt til nytt stasjonshus, g.nr. 39, b.nr. 82 i Tynset herad på 4050 m². Det blei utgiftsført kr. 13500 i 1952—53 og kr. 6919,15 i 1951—52.

Drammen — *Mjøndalen* automatkiosk, 18,9 m², blei ført opp med betong kjellar og ei høgd i mur. Kiosken skal også gje rom for forsterkarutstyr. Utgift i 1952—53 var kr. 16943,99. Tomta har g.nr. $^{15}/_{14}$, b, nr. 207/197 i Nedre Eiker herad.

Larvik — Arbeidet med hus for automatsentralen i *Stavern* tok til hausten 1952. Huset er 93,5 m² i ei høgd utan kjellar, sett opp med 1½ steins mur og betong tak og golv. Tomta, 151 m², g.nr. 1, b. nr. 96, matr. nr. 222 i Stavern, kosta kr. 300. Utgifta i budsjettåret var kr. 66087,20. Utgiftsoverslaget er på kr. 75000.

Kongsberg — Arbeidet med *Flesberg garasje og lagerhus* tok til i april 1952. Det er på 77 m², ei høgd i reisverk, sett opp på same tomta som stasjonshuset, g.nr. 40, b.nr. 5 i Flesberg herad. Utgifta i 1952—53, kr. 6792,62 blei tyngd linevedlikehald.

Tvedestrand — Telegrafverket kjøpte i budsjettåret *eigedomen Telebu*, g.nr. 28, b.nr. 33 i Holt herad for kr. 14500 som blei tyngd linevedlikehald. På tomta, 152 m², står det eit trehus, 82,5 m² i 2½ høgd. 1ste og 2dre høgda skal ein nytta til lager. Loftshøgda skal kan henda innreidast til opphaldsrom for arbeidarar.

Sauda — Arbeidet med automatbygget held fram. Utgifta i budsjettåret var kr. 30378,87.

Bergen T. A. — For *Lone automatsentral* blei det kjøpt tomt, g.nr. 95, b.nr. 121 i Haus herad, 450 m² for 691 kroner. Det blei sett opp eit hus i tre, 37,95 m² i ei høgd med 3 rom og vindfang. Samla utgift i budsjettåret var kr. 23347,45.

For *Indre Arna automatsentral* blei det sett opp eit hus i tre, g.nr. 87, b.nr. 106, 37,95 m² med 3 rom og vindfang. Utgift i 1952—53 var kr. 19000 . Tomta, 517 m², er ikkje betalt.

Huset til *Osøyri* telefonsentral, som Telegrafverket makeskifta med kommunen, er av betong i ei høgd med 2 rom. Kjellaren som Telegrafverket sjølv betalte, har fire rom og kosta kr. 17561,37

Stend automatkiosk fekk i budsjettåret eit tilbygg på 39 m², sett opp i tre. I kjellaren blei det innreidd batterirom. Utgifta i 1952—53 var kr. 29489,18. Tomta, 213 m², er festa mot ei avgift på kr. 40 pr. år.

Måløy — *Tenestemannshuset* blei fullført i 1952—53. Utgift i budsjettåret var kr. 5030,60 og heile kostnaden, tomta medrekna, var kr. 84511,65. Sjå elles statistikken for 1951—52.

Ålesund — Til fullføring av hus for *Nørve automatsentral* blei det i 1952—53 brukt kr. 75831,22. Utgift tidlegare år har vori kr. 123901,61.

Fillan — Arbeidet med tilbygget har haldi fram, og utgifta i 1952—53 var kr. 23527,15.

Stjørdal — Arbeidet med *automat- og verkstadhuset* har haldi fram. Utgifta var i 1952—53 kr. 33229,62.

Til *husvære for telegrafstyraren* kjøpte Telegrafverket eigedomen Bekkestua, g.nr. 84, b.nr. 111 i Stjørdal herad for takstpris kr. 51 000. Huset er på 112 m² i 1½ høgd med kjellar under. I 1ste høgda er det 3 rom og kjøkken, hall og entré. I 2dre høgda er det eit soverom, wc og bad. I 1952—53 blei det utgiftsført kr. 30274,86.

Oppdal — I 1949—50 kjøpte Telegrafverket *tomt til nytt stasjonshus*. Da denne tomta var i minste laget, blei det i 1952—53 kjøpt eit areal 295,26 m² av g.nr. 288, b.nr. 45 som ligg ved sida av den fyrste. Utgifta var kr. 797,83.

Trondheim T. A. — Det blei i budsjettåret sett opp hus for *Mostadmarka* automatsentral. Huset er eit trehus på 62,05 m² i ei høgd med fire rom. Der er også rom for montørar og linearbeidarar. Av heile utgifta, kr. 28982,05 blei kr. 10206,45 tyngd linevedlikehald.

Herøyholmen stasjonshus fekk Telegrafverket utan vederlag av kommunen. Huset er på 41,4 m² med eit tilbygg for skranke på 7,6 m². 1ste høgda har elles 3 rom og kjøkken, 2dre høgda 2 rom. Telegrafverket flytte huset og sette det opp på ei anna tomt, g.nr. 4, b.nr. 44 i Herøy herad. Tomta er på 255 m² og kosta kr. 800. **Sandnessjøen**

Utgifta var kr. 16000. Kr. 6000 blei tyngd husbygging, kr. 4000 oppnying av hus og kr. 6000 linevedlikehald.

I 1952—53 tok arbeidet med å byggja garasje og hus for aggregat og lager til. Huset blir bygd i ei høgd i betong, 127 m², og er kalkulert til kr. 61500. Utgift i budsjettåret var kr. 25000. Tomta, Asbjørn Selsbanesgt. 1a, er bygsla for kr. 40 per år. **Harstad**

Tenestemannshuset blei ferdigbygd i budsjettåret. Utgifta i 1952—53 var kr. 22128,62. Huset kosta i alt kr. 178128,35. **Narvik**

Overtekne eigedomar.

I samband med innløysinga av private telefonanlegg fekk Telegrafverket eigedomsretten til desse husa:

Olav Kyrresgt. 12. Huset er på 260 m², mur, ei høgd med kjellar under. Kjellaren gjev rom for verkstad, aggregat, akkumulatorrom, vaskekjellar o.m. I fyrste høgda automatsal, kontor og eit husvære. Overtakingsummen var kr. 285000. **Sandnes**

Sviland automatkiosk, g.nr. 24, b.nr. 63 i Høyland herad. Takstpris kr. 5000.

Kannikgt. 17 i Stavanger med tomteareal 1753,3 m². Sentral- og administrasjonshuset er på 670 m², 3 høgder og kjellar. Tilbygg for garasje o.m. 120 m² i ei høgd. Huset er sett opp i 1939 i armert betong og mur, med tak og etasjeskillarar i armert betong. 1ste høgda har 10 rom for verkstad, laboratorium, garderobar, spiserom o.m. 2dre høgda har 13 kontorrom. 3dje høgda gjev rom for automatsal, koplingsrom, maskin- og batterirom. **Stavanger T. A.**

Buøy sentral, gatenr. 20, hus nr. 11 i Stavanger med tomteareal 490 m², er på 58,5 m² i 1½ høgd med kjellar under. Huset blei sett opp i 1911, plankelaft med kledning. Kvar høgd har to rom.

Automatkioskar

	gnr./bnr.	Herad	Tomt	Kiosk	Slag
Hinna	17/297	Hetland	1651 m²	57,6 m²	murstein
Hommersak	37/124	»	784 m²	29 »	bindingsverk
Madla	38/195	Madla	204 m²	27,6 »	»
Randaberg	49/75	Randaberg	1022 m²	29 »	»
Sola	33/27	Sola	1050 m²	62 »	»
Tananger	5/22	»	227 m²	12 »	»
Tasta	29/124	Hetland	738 m²	32,4 »	»

Taksten for dei eigedomane som blei overtekne med Stavanger telefonanlegg var kr. 2680000.

Nypan sentral, eigedomen Solsletten, g.nr. 52, b.nr. 15 og 17 i Leinstrand herad er på 632 m², overtakingsum kr. 5000. Huset, 48,5 m², blei bygd i 1910 i 1½ høgd utan kjellar. Det er sett opp av tømmer og sperreverk med ekspedisjonsrom, kjøkken og gang i fyrste høgda, 2 rom i andre høgda. **Trondheim T. A.**

Melhus sentral, eigedomen Nyrud, gnr. 30, b.nr. 14 i Melhus herad er på 882 m², overtakingsum kr. 15000.

Huset, 40 m², blei bygd i 1925 i 1½ høgd med kjellar under. Det er sett opp av reisverk med ekspedisjonsrom, kopling og gang i fyrste høgda, 2 rom i andre høgda.

Ler sentral, eigedomen Leret, g.nr. 20, b.nr. 17 i Flå herad er på 317 m², overtakingsum kr. 12000. Huset, 41,3 m², blei bygd i 1910 i 2 høgder med kjellar under. Det er sett opp i sperreverk med papp og 2 lag panel med ekspedisjonsrom, nattevaktsrom og gang i fyrste høgda, 2 rom i andre høgda.

Hovin sentral, eigedomen Kalverydningen, g.nr. 47, b.nr. 15 i Horg herad er på 1000 m², overtakingsum kr. 8000. Huset, 80 m², blei bygd i 1860, ombygd i 1917, har 2 høgder, loft og kjellar. Helfta av huset er tømmer, resten sperreverk. I fyrste høgda er det 4 rom og gang. I andre høgda er det ekspedisjonsrom, 2 andre rom og kjøkken.

Gåsbakk sentral, eigedomen Fjellro, g.nr. 12, b.nr. 15 i Hølonda herad er på 782 m², overtakingsum kr. 20000. Huset, blei bygd i 1939 i reisverk med papp og panel i 1 høgd, loft og med kjellar under halve huset. Forutan ekspedisjonsrom er det 3 rom og kjøkken. På loftet er det innreidd 1 rom forutan verkstad og kledeloft.

Bygging av mindre kioskar for automatsentralar og forsterkarstasjonar, kjøp av mindre tomter o.m.

Namn	Kiosk			Herad	Grunn		
	Storleik	Kva slag	Samla kostnad		gnr./bnr.	Storleik	Kostnad
	m²		kr.			m²	kr.
Oslo							
Ramstadsletta	15,4			Bærum	10/55		750
Jessheim							
Morskogen ...	13,25	tre	8522	Eidsvoll ...			
Ski							
Hvitstein	21	tre	10782,80	Vestby	55/14	900	1831,25
Hamar							
Strandlykkja .	16	betong	10000	Stange			
Vinstra							
Fåvang				Ringebu ...	129/103	288	939
Drammen							
Krekling	17	tre	12000	Øvre Eiker	148/9	210	315
Lierskogen ...	17	tre	12000	Lier	163/55	139	278
Hønefoss							
Nakkerud ...				Tyristrand .	83/22	300	132
Kongsberg							
Meheia	17	tre	12000	Øvre Sandsvær	Leigd grunn		
Veggli				Rollag	26/10	216	509,30
Larvik							
Lyhus				Brunlanes .	125/9	300	450
Tvedestrand ...							
Lyngør	23,6	tre	15560	Dypvåg ...			
Bryne				Klepp	18/120	2000	1500
Egersund				Varhaug ...	52/62	162	1247,80
Varhaug					42/147	104,4	
Haugesund							
Steinsfjellet ..	9,2	betong	6098,30	Skåre			
Kopervik							
Skudeneshavn				Skudeneshavn	m.nr. 591	495,8	2815,50
B.T.A.							
Florvåg				Askøy	6/437	195	5504,50
Lærdal							
Øvre Årdal ..				Årdal	18/7	427	2145
Odda							
Kinsarvik ...				Kinsarvik .	142/22	2000	10000
Molde							
Eidsvåg.....				Neset.....	27/33	180	720
Stryn				Stryn	59/26	800	6121,30
Åndalsnes							
Isfjorden				Hen	43/132	403,92	1219,38
Tingvoll							
Glæren	11,9	tre		Surnadal ..	72/35		Ikkje betalt
Åmot Surnad.	11,9	tre	19500	»	3/14		
Lomunddal ..	11,9	tre		Rindal	53/4		
Namsos							
Spillumsaksla .	24	tre	12500	Klinga			
Steinkjer							
Offenåsen	24	tre	9500	Ogndal			
Stjørdal							
Skjesol	16	tre	13000	Åsen			
Selbu				Selbu	63/85	1000	3086,20
Trondheim T.A.							
Børsa.....	36	tre	19568,37	Børsa.....	10/7	310	620
Bostad	31	tre	18046,70	Malvik	25/25	300	600
Skaun	31	tre	17718,92	Skaun	39/16	302	300
Ørlandet radio .				Ørlandet ..	64/70	475	1292,30
Leknes Lofoten .				Buksnes ...	18/156	4260	8707,20

Større vølings- og oppnyingsarbeid.

Oslo T. A. På *Frogner sentral* blei det gjort større vølingsarbeid på taket. Utgift kr. 7163,70.
Til *Fagerborg sentral* brukte ein kr. 7036,08 til innreiing av ny garderobe.

Kongsvinger I stasjonshuset blei veggane måla. Utgifta, om lag kr. 12000, blei tyngd oppnying.

Lillestrøm I samband med automatiseringa blei det gjort ymse arbeid som kosta om lag kr. 33000. Utgifta blei tyngd oppnying.
Ved *Slattum* sentral kosta hovudreparasjon av huset kr. 10226,65, som blei tyngd oppnying.

Sarpsborg Ymse utbetringsarbeid kosta i alt kr. 15506,81, som blei tyngd oppnying.

Nybergsund *Ljørdalen* sentral blei kosta på ny kjellar, ny murpipe og fekk nytt golv i fyrste høgda. Huset blei hevja 30 cm. Utgift i alt var kr. 6998,46 som blei tyngd oppnying.

Otta Omlegging av vatn og kloakk i samband med tilknyting til Otta vassverk kosta kr. 4865,02, som blei tyngd vedlikehald.

Vinstra Stasjonshuset fekk innlagt vatn- og sanitæranlegg. Saman med ymse elektrisk montering kosta arbeidet kr. 5646,84 som blei tyngd oppnying.

Arendal I telefongården blei det innreidd og bygd om for å gje rom til teknisk utstyr som er flytt frå Stølsvik og frå Arendal stasjonshus. Utgifta, kr. 31692,72, blei førd med om lag helfta på kvar av postane oppnying og vedlikehald.

Porsgrunn Stangsgt. 3 blei ominnreidd og vølt slik at ein fekk nytt husvære for telegrafstyraren. Av utgifta, kr. 37587,57, blei kr. 21410,48 tyngd oppnying. Resten blei tyngd vedlikehald.

Sandnes I telegrafhuset blei det innreidd verkstad, mønstringsrom for montørar og nytt kontor for telegrafstyraren. Av utgifta, kr. 5745, blei kr. 909,54 tyngd oppnying og resten vedlikehald.

Bergen I telegrafhuset blei det gjort ymse arbeid slik at ein seinare kan montera nytt teknisk utstyr. Mellom anna blei telegrafekspedisjonen flytt. Kontoen oppnying av hus blei tyngd kr. 28415,22 medan resten blei tyngd ymse andre konti.
I *Krohnviken* blei det montert wc, vaskerom og dusj. Utgifta, om lag kr. 8800, blei tyngd linevedlikehald.

Sandnessjøen Hovudvøling av verkstadhuset kosta om lag kr. 25500 som blei tyngd oppnying.

Gibostad Stasjonshuset blei vølt og måla. Utgifta blei tyngd oppnying med kr. 8393,83.

Harstad Taket i stasjonshuset blei isolert. Utgifta, kr. 9440 blei tyngd oppnying.

Leknes Lofoten I stasjonshuset, *Ballstad*, blei det montert sanitæranlegg. Utgifta, kr. 11122,78, blei tyngd oppnying.

Lødingen Ymse vedlikehaldsarbeid på administrasjonshuset kosta i alt kr. 10101,12 som blei tyngd oppnying.

IV. Stasjonar, stasjonsutstyr og samband.

	I alt 30/6 1952	Brigde i året Nye	Ned-lagde	Andre brigde	I alt 30/6 1953	Av desse med telegram-ekspedisjon
Telegrafstasjonar	2	—	—	—	2	2
Kombinerte telegraf- og rikstelefonstasj.	99	—	—	—	99	99
» » » » med kystradio	11	—	—	—	11	11
Kystradiostasjonar	11	—	—	—	11	11
Radiostasjon, berre for fast samband med utlandet	2	—	—	—	2	2
Rikstelefonstasjonar	2433	1	42	÷ 9	2383	2383
Undersentralar, manuelle	469	3	—	÷ 1	471	315
—»— automatiske og halvaut.	275	15	3	31	318	—
Filialstasjonar	32	—	—	—	32	32
Rikstalestasjonar	408	10	7	2	413	413
Radiorikstalestasjonar	28	2	—	—	30	30
	3770				3772	3298
Stasjonar som ikkje høyrer til Telegrafverket :						
Jernbanestasjonar	510	—	—	—	510	510
Radiostasjonar på Svalbard o. m.	8	—	1	—	7	7
Private telefonsentralar, manuelle	109	—	—	÷11	98	41
» » aut. og halvaut.	81	5	—	÷12	74	—
Bakkestasjonar	27	—	1	—	26	26
Stasjonar og sentralar i alt i det ålmenne telekommunikasjonsnettet	4505				4487	3882
Av desse opne for telegramtrafikk frå utlandet						3275

Samdrift med Postverket var det da budsjettåret enda ved i alt 455 rikstelefonstasjonar og 25 bisentralar. Etter avtale med Postverket har Telegrafverket teki over posttenesta ved 10 rikstelefonstasjonar og 2 bisentralar. Postverket har teki over telefóntenesta ved 1 bisentral.

Telegraf og telex.

Da budsjettåret enda var det i alt 112 vanlege telegrafstasjonar i drift, av desse hadde 2 stasjonar fjernskrivarsamband over VHF-kanalar. Ved 12 stasjonar var det telexsentralar. Forutan dei 112 vanlege telegrafstasjonane var 5 kystradiostasjonar knytte til telegrafnettet med fjernskrivar. Ved 5 stasjonar var morsetelegraf i bruk, 2 av desse hadde også fjernskrivarar.

Stasjonsutstyr i bruk:

	30/6 1949	30/6 1950	30/6 1951	30/6 1952	30/6 1953
Morse, sx.	54	41	21	9	5
Fjernskrivarar	299	317	339	367	398[1]
Til saman	353	358	360	376	403
Overdrag for morse og fjernskrivarar	6	4	1	1	1
Anna utstyr:					
Handperforatorar	63	61	63	67	75
Maskinsendarar	80	81	81	89	97
Maskinmottakarar	30	27	30	30	34

[1]) Av desse 267 elektriske og 131 mekaniske.

Haugesund telexsentral blei sett i drift i desember 1952 med 30 nummer. Telexsentralen i Bergen fekk i november 1952 2 nye ekspedisjonsplassar og 70 nye nummer.

Talet på telexabonnentar var:

	30/6 1949	30/6 1950	30/6 1951	30/6 1952	30/6 1953
Oslo	50	56	98	110	134
Lillehammer	2	2	1	1	1
Kristiansand	—	—	8	8	10
Haugesund	—	—	—	—	12
Stavanger	7	10	15	16	13
Bergen	22	23	37	42	63
Ålesund	3	3	2	2	5
Trondheim	11	13	18	17	29
Bodø	—	1	3	3	4
Svolvær	1	1	1	4	9
Tromsø	5	6	3	4	7
Alta	—	—	3	3	2

Hos abonnentane var det i alt 294 fjernskrivarar.

Transmisjonsutstyr og samband.

I juni 1953 blei det skipa tingingstelegraf med fjernskrivar mellom Oslo og Bergen rikstelefonstasjonar. Kabeloverdraget for sjøkabelen Arendal—Newbiggin blei i oktober 1952 flytt frå Stølsvik til Arendal. Ved Svolvær telexsentral blei det sett opp 2 og ved Oslo telexsentral 6 opprettingsoverdrag.

Talet på telexkanalar frå dei ymse sentralane var:

	30/6 1951	30/6 1952	30/6 1953	
Oslo	42	64	74	(av desse 45 til utlandet).
Lillehammer	1	1	1	
Kristiansand	5	7	7	
Haugesund	—	—	6	
Stavanger	5	8	10	
Bergen	15	15	18	(av desse 1 til utlandet).
Ålesund	5	5	5	
Trondheim	15	17	19	
Bodø	5	5	6	
Svolvær	7	10	10	
Tromsø	7	7	7	
Alta	4	5	5	

Nye tonetelegrafkanalar tekne i bruk i budsjettåret:

Bergen—Haugesund 6 kanalar (september 1952). Trondheim—Fauske utvida frå 12 til 18 kanalar (januar 1953).

Utstyret for tonetelegraf var:

	30/6 1950	30/6 1951	30/6 1952	30/6 1953
for 3 kanal	—	3	2	13
- 4 -	34	26	29	35
- 6 -	17	19	16	17
- 9 -	—	—	2	—
- 12 -	23	26	28	20
- 18 -	6	9	9	13
- 24 -	—	—	1	1

Per 1. januar 1953 hadde ein desse telegrafsambanda:

	Vanlege trafikk-samband	Telex med periode-avgift	Utleigde samband	I alt	Av desse			
					reine T T	vanleg line eller fan-tom	blanda T T og line	V H F
Morse	5	—	8	13	—	5	8	—
Fjernskrivar	153	102	108	363	227	113	20	3
I alt	158	102	116	376	227	118	28	3

I dette oversynet har ein ikkje teki med line til lokale telexabonnentar og heller ikkje radiosamband til utlandet eller til stasjonane på Svalbard. Mellom dei vanlege trafikksambanda med fjernskrivar har ein teki med eit tingingsamband for rikstelefonen. Til utlandet var det 14 radiotelegrafsamband, og til og mellom stasjonane på Svalbard o. m. 10 radiotelegrafsamband. Av desse var det to samband, Oslo—New York og Harstad—Svalbard, med fjernskrivardrift.

Telefon.

Da budsjettåret enda, var det i alt 2493 rikstelefonstasjonar. Ved 27 stasjonar var utstyret berre eit telefonapparat, og desse stasjonane var i røynda ikkje anna enn talestasjonar.

I samanlikning med dei førre åra var talet på telefonsentralar:

	30/6 1951	30/6 1952	30/6 1953
Sentralar med sams ekspedisjon for riks- og abonnenttelefon	480	498	517
Sentralar med sentralbord for rikstelefonen	2 103	2 026	1 960[1]
Abonnentsentralar på stader med riks- og abonnenttelefon kvar for seg	23	21	20
Abonnentsentralar utan rikstelefon på staden (undersentralar)	441	438	440
Automatiske og halvautomatiske abonnentsentralar	247	275	318[2]
Til saman	3 294	3 258	3 255
Reine abonnentsentralar som høyrer til private telefonselskap	191	190	172
I alt	3 485	3 448	3 427

Da budsjettåret enda, var desse sentralane i drift:

Sentralar *med* abonnentliner:

På stader der abonnenttelefonen blir driven:	Med rikstelefon-ekspedisjon		Utan rikstelefonekspedisjon				I alt
			Manuelle		halv-automatar	automat-sentralar	
	Rikstelefon-stasjonar	Riksekspe-derande bisentralar	med rikstelefon same staden	utan rikstelefon same staden			
Av Telegrafverket: vanlege ab.anlegg	506	11	20	440	6	306	1289
mindre sentr. i Finnmark	124	—	—	—	—	—	124
Som tilknytingsnett	1633	—	—	—	5	1	1639
Av priv. selskap	23	—	2	96	1	73	195
	2286	11	22	536	12	380	3247

[1]) Ved 23 av desse sentralane var det tilknytt abonnentar som høyrde til private telefonselskap.
[2]) Av desse 5 halvautomatar og 1 automat med tilknytingsnett.

Sentralar *utan* abonnentliner:

På stader der abonnenttelefonen blir driven:	Med manuell abonnent-sentral same staden	Med auto-matisk abonnent-sentral same staden	Utan abonnent-sentral på staden	I alt
Av Telegrafverket	20	27	—	47
Som tilknytingsnett	—	—	119	119
Av private selskap	2	12	—	14
	22	39	119	180

Sentralar i alt *3427.*

Til dette kjem 11 sjølvstendige radiostasjonar med sentralbord for telefonekspedisjon.

Ved stasjonane var dette utstyret i bruk:

	30/6 1950	30/6 1951	30/6 1952	30/6 1953
Ekspedisjonsplassar for rikstelefon	817	844	878	898
—»— riks- og abonnenttelefon	2649	2655	2662	2651
Ekspedisjonsplassar berre for abonnenttelefon	654	636	638	637
Tilknytingsvekslarar ved rikstelefonstasjonar	199	165	151	139
Ekspedisjonsplassar i alt	4319	4300	4329	4325
Telefonforsterkarar, line, 2 tråds	282	308	289	421
—»— line, 4 tråds	134	143	150	181
—»— snor	93	119	111	133
Telefonforsterkarar i alt	509	570	550	735
Lågfrekvensforsterkarar for kringkasting	29	26	27	30

Det blei i budsjettåret sett opp desse nye sentralborda ved stasjonane:

Nybygde sentralar

Stasjon	type	arbeidsplassar
Nesbru	SEAS	5
Ringebu	M	3
Åmot Modum	L	2
Langesund	SEAS	4
Sand Ryfylke	M	3
Sauda	L	2
Leikanger	M	3
Bodø	L	14
Stokmarknes	M	5

Utvida sentralar

Stasjon	type	arbeidsplassar
Fredrikstad	L	2
Hønefoss	ML	1
Stavanger	L	2
Bergen	L	14
Verdal	M	1
Mo Rana	M	2
Moen Målselv	M	1

Dessutan blei det frå Hovudlageret sendt ut 36 vekslarar større enn 50 nummer, 19 vekslarar for 30—50 nummer og 32 vekslarar mindre enn 30 nummer.

Transmisjonsutstyr og samband.

Nye berefrekvenskanalar tekne i bruk i budsjettåret:

Alta—Kirkenes, 1 kanal (juli 1952).
Arendal—Grimstad, 1 tfb-kanal (desember 1952).
Florø—Stavang, 1 tfb-kanal (mars 1953).
Florø—Svelgen, 1 tfb-kanal (mars 1953).
Fredrikstad—Kirkeøy, 1 tfb-kanal (mai 1953).
Giske—Ålesund, 1 tfb-kanal (juli 1952).
Gjøvik—Lillehammer, 4 kanalar (januar 1953).
Gjøvik—Trondheim, 15 kanalar (juni 1953).
Kristiansand—Farsund, 1 tfb-kanal (februar 1953).
Notodden—Skien, 1 kanal (desember 1952).
Sandane—Byrkjelo, 1 tfb-kanal (januar 1953).
Seljord—Vråliosen, 1 tfb-kanal (april 1953).
Trondheim—Opphaug, 1 tfb-kanal (oktober 1952).
Voss—Mjølfjell, 1 tfb-kanal (mars 1953).
Ålesund—Steinshamn, 1 tfb-kanal (januar 1953).

Utstyret for berefrekvenssamband var:

	30/6 1950	30/6 1951	30/6 1952	30/6 1953
før 1 kanal	638	679	730	777
- 3 kanal	66	70	72	72
- 4 kanal	—	5	5	4
- 8 kanal	18	17	22	25
- 15 kanal	16	16	15	16
- 16 kanal	2	2	2	2
- kringkastingkanal	13	13	15	18
Toneringarar	—	372	402	415

Per 1. januar 1953 hadde ein desse rikstelefonsambanda:

	Vanlege trafikksamband	Utleigde samband	I alt	Av desse line	radio	VHF
Innlandet	4639	138	4777	4769	1	7
Til utlandet	100	4	104	103	1	—
I alt	4739	142	4881	4872	2	7

Det var fjernval på desse sambanda:

	30/6 1951	30/6 1952	30/6 1953
Med likestraum signalering (til Oslo)	61	95	99
- —»— —»— (andre stader)	15	50	69
- 50 pps signalering	54	157	200
- 500 pps signalering	5	3	3
- signalering på pilotfrekvensen	—	5	7
- 2 frekvensar (til utlandet)	—	4	12

Private tilknytingar.

Private tilknytingar til rikstelefonstasjonane:

	30/6 1950	30/6 1951	30/6 1952	30/6 1953
Liner	14250	15034	15754	16329
Apparat	29961	32280	34270	35463
Sentralbord, manuelle	28	28	45	42
—»— CB	2	2	2	2
—»— automatiske	10	7	9	11
Sambandsliner mellom private sentralar og rikstelefonsentralar	912	939	962	823

I abonnentnetta til Telegrafverket var det i samanlikning med dei førre budsjettåra:

	30/6 1950	30/6 1951	30/6 1952	30/6 1953
Sentralar	1 167	1 189	1 226	1 289
Manuelle sentralar med samtaleteljarar	—	43	64	76
Abonnentliner, i alt	219 930	229 800	241 931	267 856
—»— av desse enkelliner	8 562	8 255	7 457	7 842
Telefonapparat, i alt	342 551	360 207	381 016	421 260
—»— av desse eig abonnentane	46 452	47 509	43 924	47 274
Talestasjonar	1 299	1 325	1 387	[1] 1 571
Sentralbord hos abonnentane	2 772	2 957	3 219	3 656



Av sentralborda hos abonnentane var 669 manuelle, 1137 CB og 1850 automatiske.

Da budsjettåret enda, var det 144100 telefonapparat i Oslo og 277122 utanom Oslo. I budsjettåret blei det løyst inn 20255 apparat. Held ein desse utafor, blir apparatvoksteren:

Oslo	5,5 %
Landet elles	5,1 %
Heile landet	5,2 %

Da budsjettåret enda, var det i alt 476 telefonanlegg. I anlegga var det per 30/6:

	manuelle	halvaut.	automat	sum
Sentralar	977	6	306	1 289
Abonnentliner	94 952	93	172 811	267 856
Abonnentapparat	151 143	130	269 987	421 260

Oppgåve over trafikk, tilknytte telefonapparat og apparatutstyr ved kvar einskild stasjon sjå tabellane 3, 8, 9 og 13.

[1]) Av desse 266 rikstalestasjonar.

Utskifting av eldre og montering av nye automatsentralar.

Nye automatsentralar på stader der det før var manuelle sentralar:

Telefonanlegg	Automatsentral	Monterte nummer	I drift frå
Skarnes	Slåstad	30	1/7—52
Ytre Vinje	Nesland	30	22/7—52
Helleland	Helleland	170	2/9—52
»	Ualand	70	3/9—52
»	Heskestad	50	3/9—52
Skarnes	Galterud	60	18/9—52
Fauske	Leivset	30	17/10—52
Klæbu	Klæbu	150	6/12—52
Åmot Modum	Åmot Modum	400	13/12—52
Myrdal tilkn. nett	Myrdal	10	15/12—52
Strand	Idse	30	19/12—52
Vestby	Hvitstein	100	5/1—53
Aremark	Bjørkebekk	40	9/2—53
Bodø	Bodø	2500	28/2—53
Hornes	Moisund	30	28/3—53
Sauda	Sauda	600	9/5—53
Aremark	Aremark	100	12/5—53
Hamar—Hedmark	Espa	100	13/5—53
»	Strandlykkja	50	13/5—53

I alt 19 sentralar med 4550 nummer.

Nye automatsentralar på stader der det før ikkje var sentralar:

Telefonanlegg	Automatsentral	Monterte nummer	I drift frå
Ringebu	Rudland	30	1/7—52
Årdal Ryfylke	Soleng	30	11/11—52
Bagn	Hølera	30	26/11—52
Klæbu	Hyttefossen	60	6/12—52
Åmot Modum	Simostranda	50	13/12—52
»	Spone	30	13/12—52
Kongsberg	Meheia	30	19/12—52
Flakstad	Napp	30	20/12—52
Lesjaskog	Bjorli	30	5/2—53
»	Råna	20	9/2—53
Aremark	Kvisler	60	9/2—53
»	Østkroken	50	9/2—53
Kongsvinger	Matrand	60	18/3—53
Evje	Flatebygd	30	23/3—53
Sande Vestfold	Galleberg	100	12/6—53

I alt 15 sentralar med 640 nummer.

Nye automatsentralar på stader der det før var automatsentralar:

Telefonanlegg	Automatsentral	Monterte nummer	I drift frå
Steinkjer	Egge II	50	21/10—52
Åpta	Åpta II	20	15/12—52
Jessheim	Mogreina II	100	8/1—53
Kongsvinger	Kongsvinger II	620	24/1—53
Hamar—Hedmark	Moelv III	500	5/2—53
Eidsvoll	Morskogen II	50	5/6—53

I alt 6 sentralar med 1340 nummer.

I budsjettåret blei Saudasjøen automatsentral under Sauda nedlagd.

Private telefonselskap og tilknytingsnett overtekne i terminen.

18 tilknytingsnett og 4 telefonanlegg blei løyste inn i budsjettåret.

	Løyst inn frå	Linetal	Apparattal
A/S Stavanger telefonforretning	1/7—52	11202	15245
Sandnes telefonvesen	1/10—52	1525	2279
Gauldal telefonsamlag	1/1—53	1160	1757
Steinsdalen telefonsamlag	—	35	77
Husby tilknytingsnett	1/7—52	7	29

	Løyst inn frå	Linetal	Apparattal
Hageland tilknytingsnett	1/7—52	31	74
Tunstad tilknytingsnett	—	19	31
Valderøy tilknytingsnett	—	38	111
Sæbøvik tilknytingsnett	1/10—52	60	68
Nedstrand med Hinderåvåg tilknytingsnett	1/11—52	56	110
Gladstad tilknytingsnett	1/1—53	39	73
Moflaget og Nordsolvær tilknytingsnett	—	21	46
Kulen tilknytingsnett	3/1—53	8	26
Brattvåg tilknytingsnett	1/4—53	73	112
Dolmøy tilknytingsnett	—	11	16
Gratangsbotn tilknytingsnett	—	26	70
Strandvik tilknytingsnett	—	24	35
Utåker tilknytingsnett	—	21	22
Leines tilknytingsnett	1/5—53	18	39
Valosen tilknytingsnett	—	16	35
		14390	20255

Linesamband.

Samband:

Talet per 1. januar 1953 var (radiosamband ikkje medtekne):

	Innlandet	Til utlandet	Sum	Av desse utleigde		
				Innlandet	Til utlandet	Sum
Telegraf:						
Morse	12	1	13	7	1	8
Fjernskrivar	201	22	223	59	14	73
Telex: Mellom sentralane	61	41	102	—	—	—
» Lokalabonnentane	254	—	254	—	—	—
» Fjernabonnentane	35	—	35	(35)	—	—
Rikstelefon	4 769	103	4 872	138	4	142
Av desse firetråds	295	66	361	9	3	12
Abonnenttelefon:						
Sambandsliner	16 167	—	16 167	—	—	—
Abonnentsamband	263 770[1]	—	263 770[1]	—	—	—

[1]) Medeltal for budsjettåret.

Lineruter.

Lineruter	Stolperekkje		Jord-kanal-elvekabel			Sjøkabel				I alt
	berre blank tråd	blank tråd og/eller luftkab.	I alt	Av dette med: pupinisering	Av dette med: koaksialrøyr	Innalands	Til utlandet	Av dette med: pupinisering	Av dette med: koaksialrøyr	
	km	km	km	km	km	km	km	km	km	km
Berre for telegraf	15	—	6	—	—	25	633	—	—	679
Telegraf og rikstfn.	1613	4	64		—	61	—	—	—	1 742
Berre rikstelefon	18 755	122	1 293		113	2 269	176	113	63	22 615
Sams for telegraf, riks- og abonn.tfn.	570	33	22	1 321	—	2	—	—	—	627
Sams for riks- og abtelefon	7 409	466	580		—	23	—	—	—	8 478
Berre ab.-telefon: med sambandsline	3 902	267	736	3	—	62	—	—	—	4 967
utan —»—	25 144	1 730	3 640	—	—	270	—	—	—	30 784
	57 408	2 622	6 341	1 324	113	2 712	809	113	63	69 892
Av dette berre vedkomande serabonn.	1 374	13	31	—	—	90	—	—	—	1 508

Tråd.

Tråd	Blank tråd	Luftkabel	Jord-kanal-elvekabel	Sjøkabel innalands	Innalands i alt	Sjøkabel til utl.
I bruk:	km	km	km	km	km	km
Metallisk tgr.samband	967	5	21	56	1 049	633
» rikstfn.samband	207 133	4 801	178 202	9 906	400 042	6 595
» sambandsline	34 783	4 902	95 384	537	135 606	—
» abonn.samband	247 926	110 163	743 370	3 658	1 105 117	—
I alt	490 809	119 871	1 016 977	14 157	1 641 814	7 218
I reserve:						
Metallisk tgr.samband	2 379	66	269	55	2 769	—
» rikstfn.samband	438	3 664	66 236	3 161	73 499	5 685
» sambandsline	754	1 094	21 083	418	23 349	—
» abonn.samband	2 775	51 095	389 731	1 575	445 176	—
I alt	6 346	55 919	477 319	5 209	544 793	5 685
Tråd i alt:						
Metallisk tgr.samband	3 346	71	290	111	3 818	633
» rikstfn.samband	207 571	8 465	244 438	13 067	473 541	12 280
» sambandsline	35 537	5 996	116 467	955	158 955	—
» abonn.samband	250 701	161 258	1 133 101	5 233	1 550 293	—
I alt	497 155	175 790	1 494 296	19 366	2 186 607	12 913
Av dette pupinisert	—	5 110	251 990	—	257 100	12 280
Lengd av koaksialrøyr	—	—	451	—	451	63
Under tråd har ein rekna med for samband til serabonn.	9 750	1 052	1 361	284	12 447	—

Tråd i reserve var i prosentar (sjøkablane til utlandet ikkje medtekne):

	Blank tråd		Luftkabel		Jord- kanal-elvekabel		Sjøkabel		I alt	
	1952	1953	1952	1953	1952	1953	1952	1953	1952	1953
Telegraf	74,5	71,1	93,0	93,0	86,3	92,8	52,9	49,6	75,0	72,5
Rikstelefon	0,3	0,2	50,4	43,3	29,3	27,1	19,5	24,2	16,4	15,5
Ab.tfn., sambandsl.	0,9	2,1	19,1	18,3	10,9	18,1	46,6	43,8	9,0	14,7
Ab.tfn., abonnentl.	1,0	1,1	30,2	31,7	31,7	34,4	35,3	30,2	26,4	28,7
	1,3	1,3	30,6	31,8	29,7	31,9	25,3	26,9	22,9	24,9

338,5 km stolperekkje hadde også trådar som Norges Statsbaner eig.

I oppgåva over stolperekkje, rikstelefonen, er ikkje teki med 931,8 km stolperekkje som statsbanane eig, men der Telegrafverket har tråd.

Da budsjettåret gjekk ut, var talet på sjøkablar for telegraf 73, for rikstelefon 1 568 og for abonnenttelefon 306, til saman 1 947. Talet på stolpar i linenettet var om lag 1 278 000.

Sjøkablar til utlandet (heile lengda er førd opp, Noreg eig helvta):

	Rutelengd km
Telegrafkablar:	
Den norsk-engelske kabel Stølsvik—Newbiggin	760,4
Den norsk-engelske kabel Skivoldsvik—Peterhead	505,6
	1 266,0
Telefonkablar:	
Den norsk-danske kabel Sandefjord—Fredrikshavn (52 par + 2 par for kringkasting)	227,4
Den norsk-danske kabel Stølsvik—Hirtshals (koaksial)	125,5
	352,9

Samband i bruk:

	Blank tråd	Luft-kabel	Jord-kanal-elve-kabel	Sjøkabel i alt	Sjøkabel av dette til ut-landet	VHF	Sum	Av dette fast utleigd
	km	km	km	km	km	km	km	km
Fysikalske for:								
telegraf	967	5	21	689	633	—	1 682	204
rikstfn. 2-tråds	103 817	2 280	73 021	5 003	—	—	184 121	6 184
» for kringkasting	110	—	1 219	113	113	—	1 442	1 442
» 4 tråds	—	—	6 597	1 137	1 137	—	7 734	231
overføringsliner for TT	—	(121)	(1 669)	(227)	(227)	—	(2 017)	—
sambandsliner	17 614	2 452	47 695	272	—	—	68 033	—
abonnentliner	137 267	55 115	371 770	1 862	—	—	566 014	—
	259 775	59 852	500 323	9 076	1 883	—	829 026	8 061
Kunstsamband for:								
telegraf	7 112	—	3 223	—	—	—	10 335	2 651
telex-fjernabonnentar	261	—	1 155	—	—	—	1 416	(1 416)
rikstelefon 2 tråds	27 401	23	19 873	18	—	—	47 315	1 504
» 4 tråds	—	—	1 807	—	—	—	1 807	—
sambandsliner	4 569	—	454	—	—	—	5 023	—
	39 343	23	26 512	18	—	—	65 896	5 571
Kanalar for:								
telegraf	43 208	310	6 165	1 251	1 251	—	50 934	17 507
telex	30 051	—	10 356	2 274	2 274	—	42 681	—
» fjernabonnentar	5 949	—	—	—	—	—	5 949	(5 949)
rikstelefon BF	120 904	—	3 804	1 639	1 639	—	126 347	5 553
berefrekvens for TT	(9 371)	—	—	—	—	—	(9 371)	—
kringkastingkanalar	3 906	—	—	—	—	—	3 906	3 906
	204 018	310	20 325	5 164	5 164	—	229 817	32 915
VHF-kanalar for:								
telegraf	—	—	—	—	—	185	185	—
rikstelefon	—	—	—	—	—	435	435	—
	—	—	—	—	—	620	620	—
Samband i alt:								
telegraf	51 287	315	9 409	1 940	1 884	185	63 136	20 362
telex	30 051	—	10 356	2 274	2 274	—	42 681	—
» fjernabonnentar	6 210	—	1 155	—	—	—	7 365	(7 365)
telegraf i alt	*87 548*	*325*	*20 920*	*4 214*	*4 158*	*185*	*113 182*	*27 727*
rikstelefon	*256 138*	*2 303*	*106 321*	*7 910*	*2 889*	*435*	*373 107*	*18 820*
abonnenttelefon:								
sambandsliner	22 183	2 452	48 149	272	—	—	73 056	—
abonnentliner	137 267	55 115	371 770	1 862	—	—	566 014	—
abonnenttfn. i alt	*159 450*	*57 567*	*419 919*	*2 134*	—	—	*639 070*	—
Sum	503 136	60 185	547 160	14 258	7 047	620	1125359	46 547
Under abonn.tfn., abonn.-liner, har ein teki med samband til serabonnentar med i alt	4 873	256	401	131	—	—	5 661	—

Berefrekvenssamband og fysikalske liner for framføring av tonetelegrafkanalar (TT) har ein ikkje teki med i sluttalet for samband. Tala i klammer under utleigde samband er samband til telexabonnentar over riksnettet utan serleg sambandsleige, men med eit fast tillegg i årsabonnementet. For VHF-samband har ein rekna kartfråstand mellom stasjonane. For abonnenttelefonen har ein ikkje oppgåve over kunstsamband til abonnentar og heller ikkje lengda for dei trådlause abonnentsambanda.

Rikssambanda i telegrafdistrikta:

Distrikt	Stolperekkje	Blank tråd (telegraf- og rikstfn.samb.)	Vedlikehalds-kostnad 1952—53	Oppnyings-kostnad 1952—53
	km	km	kr.	kr.
Østfold	996	6 059	246 045	171 593
Oppland	2 006	20 686	175 729	211 021
Drammen	1 133	11 231	165 053	156 500
Agder	2 053	21 726	481 123	185 906
Rogaland	2 510	13 974	295 901	257 646
Bjørgvin	3 893	24 940	923 536	529 482
Møre	3 277	21 406	256 041	282 179
Trøndelag	2 782	26 486	319 244	365 842
Nordland	3 173	20 544	391 126	450 241
Troms	4 199	22 786	390 719	645 709
Finnmark	2 965	21 079	364 560	460 216
	28 987	210 917	4 009 077	3 716 335

Til atterreising etter krigen blei det i budsjettåret brukt til rikslinene:

Finnmark ..... kr. 262 952,37

Sergreining av trådlengd og talet på abonnentliner ved abonnentanlegga står i tabell 3. Oppgåve over vedlikehaldskostnadene står i tabell 2.

Skade på linenettet.

På telegraf- og rikstelefonlinene er meldt desse skadane, som har skipla ekspedisjonen:

	1948	1949	1950	1951	1952
Stolpar, knekte eller skadde	301	223	407	498	301
Isolatorar, knekte eller skadde	621	854	2 851	1 441	1 197
Trådbrot	1 277	2 616	3 053	2 062	1 584
Avleiingar	820	2 145	1 952	1 107	865
Kortslutningar, slengkontaktar o. l.	1 810	4 093	4 561	2 820	2 242
Sprengde bendslingar	208	438	551	361	497
Kabelfeil	68	227	201	163	61
Andre feil	191	1 318	1 767	1 206	612

Nye anlegg.

Nr.	Kabelanlegg	Bygd ferdig	Tal på kablar	Tal på trådpar	Trådlengd
					km
1	Lillestrøm—Minnesund	14/2—52	1	54	3421
2	Minnesund—Espa	25/6—52	1	38	1043
3	Espa—Stange	1/10—52	1	54	1395
4	Minnesund—Hamar	1/12—52	1	73	5739
5	Stange—Hamar	1/12—52	1	96	1968
6	Skedsmo—(Berger)Linderud	1/12—52	2	44	3115
7	Kløfta—Linderud	1/12—52	1	9	470
8	Lillestrøm—Linderud	1/12—52	2	84, 24	3386
9	Linderud—Oslo	20/12—52	1	10	244
10	Linderud—Oslo	20/12—52	2	84, 88	2993
11	Solbergelva—Mjøndalen	31/12—52	1	24	268
12	Mjøndalen—Krekling	31/12—52	1	2	75
13	Krekling—Notodden	31/12—52	1	2	143

Kablane 1—5 er lagde i samarbeid med Norges Statsbaner for skuld elektrifiseringa av jernbanen. Telegrafverket rår berre over ein del av kabelpara (i rekkjefylgje) 32—55—24—40—82 par. Kablane 3—4—5—11 er sambandskablar. Kablane 6—10 er kablar i samband med anlegget Oslo—Gjøvik. Nummer 6 har forutan 44 trådpar også 2 koaksialliner kvar. Nummer 9 har forutan 10 par også 4 koaksialliner. Kablane 12—13 er ein polythen-luftkabel som ein førebels reknar med å føra fram 24 telefonkanalar på.

Større lineanlegg som er fullførde i 1952:

Rikstelefonanlegg	Bygd ferdig	Trådslag	Ny stolpe-rekkje	Ny sjø-kabel	Ny luft-line Tråd-lengd	Merknad
	Dato		Km	Km	Km	
Østfold						
Oslo—Nesodden	mai	0,9 k	—	—	213,0	luftkabel
Oppland						
Voss—Trondheim...						
seksj. Sognefjell—Lom	24/12	5,0 k	—	—	218,8	
seksj. Lom—Vågå ..	15/2	3,3 k	31,2	—	128,0	
Otta—Ålesund						
seksj. Lom—Vågå ..	15/2	3,3 k	—	—	128,0	(sjå også Møre)
seksj. distr.grensa—Grotli	15/2	3,3 k	—	—	34,1	
Agder						
Arendal—Evje.....	16/10	3,3 k	—	—	319,6	2 liner
Evje—Valle:						
Evje—Langeid	21/10	3,3 k	—	—	314,9	2 liner
Langeid—Valle	21/10	2,75 k	—	—	52,8	
Rogaland						
Brandasund-Haslevik	11/2	4,0 j	7,35	0,39	8,1	
Hjelmeland—Skår ..	5/11	2,75 k	1,75	2,03	7,9	
Flekkefjord—Sira...	1/9	2,0 ck	—	—	90,6	6 liner
Sandnes—Hjelmeland	1/9	4,0 k	—	—	69,5	
Bjørgvin						
Bergen—Hosanger...	29/9	3,3 k, 4,0 j.	0,98	1,765	143,9	3 liner. Sjøkabelen lagd 30/3—53
Lærdal—Sogndal....	31/8	3,3 k	—	3,4	56,26	2 liner
Isdalstø—Leiknest. .	30/6	2,0 k	6,86	—	24,24	
Viksdalen—Øvrebotn	16/8	3,0 j	14,2	—	73,2	
Møre						
Eidsbygda—Vågstr..		2,75 k	—	—	15,6	
Hovdenakken—Nesjestranda	8/1	4,0 j	—	—	5,6	
Innsmøla—Dyrnes ..	30/6	3,3 k	—	0,35	46,8	
Larsnes-Haugsbygda	12/1	3,3 k	—	—	20,6	
Stårheim—Kjølsdalen	23/4	2,75 k	—	—	14,6	
Talset-Hovdenakken	8/1	4,0 j	7,2	—	17,4	
Ålesund—Otta.....	24/5	3,3 k	—	—	374,6	2 liner (sjå også Oppland)
Ålesund—Sjøholt ...	24/5	3,3 k	—	—	48,8	2 liner
Åndalsnes—Torvik .	28/8	5,3/4,2 j	—	1,2	9,6	
Trøndelag						
Fillan—Knarlagsund	17/7	3,3 k, 4,0 j	—	0,2	41,48	
Hemnskjel—Sunnan	30/6	1,5 br	4,8	0,28	44,2	
Kiran—Nesvalen....	8/4	4,0 j	1,3	—	8,4	
Naustbukta—Bindalseidet	1/11	3,3 k	14,8	—	29,68	
Nordskaget—Sandvik Frøya.....	30/6	3,3 k	7,83	—	16,24	
Nordbotn—Kråkvåg	19/9	3,3 k	4,97	—	10,48	
Rørvik—Naustbukta	17/4	3,3 k	23,45	—	196,0	2 liner

Rikstelefonanlegg	Bygd ferdig	Trådslag	Ny stolpe-rekkje	Ny sjø-kabel	Ny luft-line Trådlengd	Merknad
	Dato		Km	Km	Km	
Nordland						
Brønnøysund—Terråk						
seksj. Brønnøysund—Sandvågen	23/9	3,3 k	—	—	226,8	2 liner
seksj. Bindalseidet—Kjelleidet	23/9	3,3/2,75 k	—	—	101,5	2 liner
seksj. Kjelleidet—Årsandøy	23/9	3,3 k	—	—	13,86	2 liner
seksj. Kjelleidet—distriktsgrensa	23/9	3,3 k	3,0	—	28,0	
Fauske—Skjerstad ..	30/6	3,3 k	15,0	6,03	96,0	2 liner
Røytvik—Lovund ..	24/6	3,3 k	5,49	5,47	93,0	2 liner. Sjøkabel over Stigfjorden vantar.
Troms						
Tromvik—Sessøy ...	10/2	4,0/3,0 j	0,9	3,31	12,2	
Hamnvik—Sjøvegan	19/3	3,3 k	10,0	2,61	167,08	2 liner

V. Radio.

Inntekter og utgifter for radioverksemda er i budsjettåret delt på radiotelegraf og radiotelefon, serskilt for faste radiosamband og for samband med skip i sjøen (mobiltrafikk).

På dei faste radiosambanda var inntektene av telegramtrafikken kr. 3 810 179,00 og utgiftene kr. 1 442 105,56. Til dette kjem oppnyingsutgifter kr. 191 066,23.

Av heile telegramtrafikken med utlandet, både sende og komne telegram, gjekk om lag 32 % over radio i 1952—53 mot 30 % året før. I 1938—39 gjekk om lag 29 % over radio.

Under faste radiotelefonsamband har ein i år forutan radiotelefonsambandet Oslo—New York også teki med dei inntektene som Telegrafverket fekk frå radiotelefonsambandet med Svalbard. Dei radiotakstane som Noreg fekk for trafikken på radiotelefonsambandet Oslo—New York var kr. 196 733,95. Det blei ekspedert 2 423 ut- og inngåande telefonsamtaler. Av desse var 80 transittsamtaler.

Inntekter og utgifter ved radiorikstalestasjonane (samband mellom øyar og fastlandet) er tekne med i rekneskapane frå midlingstasjonane. Inntekter og utgifter ved dei stasjonane som har ultrakortbylgjesamband er tekne med under vanleg telegraf og telefon.

I samtrafikk med skip i sjøen, mobiltrafikk, har det vori sendt og motteki 326 993 telegram og ekspedert 105 453 telefonsamtaler over kyststasjonane i Noreg (stasjonane i Ishavet ikkje medtekne).

Telegramtrafikken med skip deler seg slik:

	Kortbylgje	Telefonibylgje	Mellombylgje	I alt	Av desse over kyststasjonar i Noreg
Til skip	88 252	1 572	8 669	98 493	98 336
Frå skip	184 528	11 247	34 115	229 890	228 657
I alt	272 780	12 819	42 784	328 383	326 993

Kyststasjonane midla 434 lækjar-råd for skip i sjøen. Inntektene av telegramtrafikken var kr. 2 435 126,79 og inntektene av telefontrafikken kr. 693 219,93. Utgiftene var kr. 1 855 462,34 for telegramtrafikken og kr. 807 694,11 for telefontrafikken. Ein har da ikkje rekna med utgifter til oppnying.

Radiostasjonar.

Radio bruker ein i fyrste rekkje for samband med skip og fly, men radio går også inn som lekk i det vanlege sambandsnettet. Da budsjettåret enda, hadde desse stasjonane radio:

	I alt	Teneste på fast samband			Teneste med skip			Teneste med fly		
		tgf	tfn	tgf/tfn	tgf	tfn	tgf/tfn	tgf	tfn	tgf/tfn
Kombinerte tgf/rtfn.-stasjonar	7	—	5	2	—	—	—	—	—	—
Komb. med kystradio	11	1	5	2	—	10	1	—	—	—
Kystradiostasjonar (av desse 5 med aeradio)	11	2	4	4	—	2	9	1	1	3
Radiostasj. berre for fast samb. med utl.	2	—	—	2	—	—	—	—	—	—
Rikstelefonstasjonar:										
vanlege	2	—	2	—	—	—	—	—	—	—
berre med radio	1	—	1	—	—	—	—	—	—	—
Radiorikstalestasjonar	30	—	30	—	—	—	—	—	—	—
Stasjonar som ikkje høyrer til Telegrafverket:										
Radiost. på Svalbard	3	2	—	1	—	—	3	—	—	—
Met. stasj. i Ishavet	4	4	—	—	—	—	2	—	—	—
Bakkestasjonar (ikkje medtekne ovafor)	21	18	—	3	—	—	—	5	3	11
For vanl. trafikk i alt	92	27	47	14	—	12	15	6	4	14
Andre stasjonar:										
Meteorologiske stasj.	10	3	6	1	—	—	—	—	—	—
Fyrvesenets stasjonar	34	—	34	—	—	—	—	—	—	—
Widerøes Flyselskap	1	—	—	—	—	—	—	—	1	—
Peilestasjonar for luftfarten	6									
Radiofyr for luftfarten	45									
Blindlandingsutstyr	5									
Radiofyr for skipsfarten	28									
Kringkastarar	26									
Med konsesjon:										
Skipsstasjonar	4939									
Luftfartystasjonar	44									
VHF-stasj., mobile	229									
— faste/basest.	80									
Amatørstasjonar	1071									
Sjømannskular, firma o. m.	72									

I dette oversynet har ein rekna Oslo og Tryvasshøgda som ein kombinert stasjon medan Ski mottakarstasjon og Jeløy sendestasjon er førde opp for seg. Stasjonar med radioliner er ikkje tekne med.

Kystradiostasjonane.

Arbeidet med modernisering og utviding av kystradiostasjonane heldt fram i budsjettåret.

Farsund, Stavanger, Ålesund og Harstad radio fekk nye mottakarar, ekspedisjonsbord og nytt terminalutstyr slik at desse stasjonane no kan midla to samtaler med skip samstundes.

Kystradiostasjonane i Florø, Kristiansund, Ørlandet og Honningsvåg har fått reservesendarar.

I Berlevåg og Sørvågen blei dei gamle sendarane skifta ut med nye som er noko kraftigare og som venteleg vil nå noko lenger. Frå 1. mai 1953 blei det teki i bruk nye frekvensar for telefontenesta med skip. Sendarane ved alle kyststasjonane blei bygde om og fekk krystallstyring før ein gjekk over til dei nye frekvensane.

Bodø radio blei i budsjettåret flytt til det nye telegrafhuset. Antenneutstyret blei utbetra.

Ved Bergen radio sette ein opp ei direktiv antenne for om mogleg å betra sambandet med skip i Stillehavet. På Rundemannen blei det sett opp ein ny 2,5 kW kortbylgjesendar med 3 kanalar for telefoni.

På Flesland tok ein i budsjettåret til med demontering av masteanlegget.

Da budsjettåret enda, var det 27 radiostasjonar med kystteneste. Av desse var det 5 stasjonar på Svalbard, Bjørnøya og Jan Mayen. 12 stasjonar nytta berre telefon (182 m) medan 15 hadde både telegraf og telefon. 22 av stasjonane midla samtaler mellom skip i sjøen og abonnentar i land, 22 av stasjonane midla gratis lækjarråd for skip i sjøen.

Radiofyr for skip.

Da budsjettåret enda hadde Fyrvesenet 28 radiofyr i drift. Eit av desse fyra blir også nytta til trygging av flytrafikken.

Faste radiosamband.

Dei faste radiotelegrafsambanda med utlandet blei ekspederte frå Oslo (radiosentralen) over sendestasjonane Tryvasshøgda og Jeløy og mottakarstasjonen på Ski. Radiotelefonsambandet med Amerika blei ekspedert frå Oslo rikstelefon over sendestasjonen på Jeløy og mottakarstasjonen på Ski.

Arbeidet med å gjera radiosambanda med utlandet stabilare har haldi fram i budsjettåret. Ein arbeider også med å få to skilde mottakarantenner for diversity-mottaking. Radioavdelinga har teki opp arbeidet med planlegging av nytt antenneutstyr for Jeløy og Ski. Ein har også haldi fram med ymse forsøk for å finna fram til det beste utstyret for frekvensskiftdrift på mottakar- og sendarsida. Det blei i budsjettåret sett opp eit nytt frekvensskiftutstyr på Ski.

Da budsjettåret enda hadde ein desse radiotelegrafsambanda med utlandet:

Europa:	Andre:
Oslo—Amsterdam	Oslo—Buenos Aires
Oslo—Bruxelles	Oslo—Lima
Oslo—Lisboa	Oslo—New York
Oslo—Moskva	Oslo—Port Stanley
Oslo—Paris	Oslo—Shanghai
Oslo—Praha	Oslo—Tokio
Oslo—Rom	
Oslo—Warszawa	

Dessutan hadde
Ålesund radio samband med Jan Mayen (med Myggbukta).
Harstad radio samband med Svalbard radio, Isfjord radio og Bjørnøya radio.
Svalbard radio samband med Isfjord radio, Ny Ålesund radio og Sveagruva.
Bjørnøya radio med Hopen.
Tromsø radio med Jan Mayen radio.

Radiotelefonsamband mellom øyar og fastlandet.

Arbeidet med å byggja om desse sambanda til VHF-drift har haldi fram i budsjettåret. Ein fekk levert utstyr for stasjonane på Trøndelagskysten og for nokre stasjonar i Nord-Noreg. Da budsjettåret enda var monteringsarbeidet i gong.

Nye stasjonar er sette opp på Store Fagervik, Gåsvær Solund og Store Tamsøy. Den siste er privat og er berre i drift om sumaren.

Det blei lagt kabel til Bjørnøy Hillesøy og Røssholmen, men arbeidet var ikkje ferdig da budsjettåret enda. Radiostasjonane der kunne derfor ikkje bli nedlagde før ut i det nye budsjettåret. 30. juni 1953 var det 30 radiorikstalestasjonar, 1 radiotelefonstasjon og 1 privat stasjon i drift på øyane. Dessutan hadde Fyrvesenet 34 stasjonar i drift på ymse fyr. Utanom kystradiostasjonane var det 6 midlingstasjonar i land.

Det blei i budsjettåret bygd ei radioline Trondheim—Steinkjer for 16 kanalar. 9 av desse kanalane var i bruk da budsjettåret enda. Utstyret kan ein utvida for opp til 48 kanalar. Da budsjettåret enda, var arbeidet i gang med å føra denne lina vidare til Namsos.

Ein sette også i drift eit anlegg (VHF) mellom Berlevåg og Mehamn for 2 telefon- og 2 telegrafkanalar. Telegrafkanalane blei ikkje tekne i bruk i budsjettåret.

Radiostasjonane på Svalbard.

Planlegging og førebuande arbeid i samband med ny telegrafstasjon i Longyearbyen blei sett i gang i budsjettåret. For å betra sambandet med Noreg kjøpte ein inn to 2,5 kW kortbylgjesendarar med 3 kanalar. Den eine er sett opp i Harstad og når den andre blir montert ferdig på Svalbard, kan telegraf- og telefontenesta gå samstundes.

Nye telefonisendarar er sette opp ved Isfjord, Ny Ålesund og Svalbard radio. Svalbard radio har ikkje hatt telefonteneste med skip før.

Om budsjett for Svalbardstasjonane, sjå St. prp. nr. 1 (1952—53), budsjettinnstilling S. nr. 296, vedteken av Stortinget 21. juni 1952.

Anleggsutgiftene var i budsjettåret 1952—53:

Svalbard radio	kr.	24 886,70
Isfjord radio	-	10 249,79
Ny Ålesund radio	-	6 696,76
Sveagruva radio	-	—
	kr.	41 833,25

Vedlikehald av hus kosta i budsjettåret:

Svalbard radio	kr.	5 540,34
Isfjord radio	-	968,08
	kr.	6 508,42

Driftsrekneskapen elles, sjå tabell 1.

Trafikken, sjå tabell 9 a, utstyr sjå tabell 13 b.

Radiostasjonar som Meteorologisk Institutt driv.

Da budsjettåret enda, var desse i drift:

Bergen	meteo
Fanaråken	»
Oslo	»
Tromsø	»

Oslo meteo (internasjonal meteorologisk teneste) brukte dessutan ein sendar på Jeløy og ein på Tryvasshøgda. Meteorologisk Institutt leigde desse sendarane av Telegrafverket. Meteorologisk Institutt i Oslo nøklar også dei sendarane på Jeløy og Fornebu som sender ut regionalmettar for flysikringstenesta.

Sjølve sendaren for Tromsø meteo står på Røstbakken (Tromsø radio), og Telegrafverket har det tekniske tilsynet. For metsending til bakkestasjonane var desse radiotelefonstasjonane i drift: Leka, Myken, Skrova, Andenes og Ingøy. Radiotelefonstasjonen på Hellesøy hadde samband med Bergen meteo.

Dessutan hadde Meteorologisk Institutt desse stasjonane i drift i Ishavet: Bjørnøya, Jan Mayen, Myggbukta og Hopen.

Bakkestasjonar.

(Radiostasjonar til trygging av flytrafikken)

Da budsjettåret tok til, hadde Telegrafverket 27 stasjonar i drift. Rørvik bakkestasjon blei nedlagd i budsjettåret og Ålesund bakkestasjon slått saman med Ålesund kystradiostasjon. Da budsjettåret enda var det 27 bakkestasjonar i drift, medrekna den telefonistasjonen i Narvik som Widerøes flyselskap driv, men som Telegrafverket har det tekniske tilsynet med.

På Sola og Fornebu blei det sett i gang HF-telefoniteneste med fly. Det blei på desse stadene også sett opp fjernmottakaranlegg for denne tenesta.

Peiletenesta på MF-telegrafi på Fornebu blei nedlagd og Adcock-peilaren sett ut av drift. Like eins blei SBA-blindlandingsanlegget på Fornebu og Sola sett ut av drift.

Den gamle sendestasjonen på Valhalla på Kjevik blei nedlagd og ein ny teken i bruk. Utsendinga av regionalmettar som før gjekk over Kjevik blei ford over til Fornebu og Jeløy.

Dei bakkestasjonane som er knytte til fjernskrivarnettet har fått nye bladskrivarar, maskinsendarar og mottakarperforatorar.

Peilestasjonar.

Da budsjettåret enda, var det 6 peilestasjonar i drift.

Radiofyr for luftfarten.

Nye radiofyr blei sette opp på Flatøy og Hervik, medan Storebø radiofyr blei nedlagt. Da budsjettåret enda, var det såleis i alt 45 radiofyr i drift.

Om budsjettet sjå St. prp. nr. 1 1952—53, kap. 725, budsjettinnstilling S. nr. 195a vedteken av Stortinget 23. juni 1952.

Utgiftene i budsjettåret var:

Anleggsutgifter:			
Nye stasjonar			kr. 1 298 241,95
Driftsutgifter:			
Personalutgifter ved stasjonane	kr. 2 575 634,34		
Andre driftsutgifter	- 820 906,52		
		kr. 3 396 540,86	
Administrasjonsutgifter		- 150 000,00	
Drift i alt			- 3 546 540,86
I alt (kap. 725)			kr. 4 844 782,81

Da budsjettåret enda, var 211 mann i arbeid ved sikringstasjonane. Av desse var 129 fast tilsette. Sjå elles tab. 9 b, 10 d og 13 c.

Radiostasjonar ombord i skip og fly.

	Skip	Fly
Konsesjonar per 1. juli 1952	4 586	53
Nye konsesjonar i 1952—53	454	10
Inndregne konsesjonar i 1952—53	101	19
Konsesjonar per 30. juni 1953	4 939	44

Om bord i skip var det i alt 6 164 sendarar og om bord i fly 116. Dessutan var det i drift 920 radaranlegg på båtar og 2 i fly.

Av konsesjonane til skip galdt 367 berre telegrafi, 3 811 berre telefoni, medan 761 galdt telegrafi og telefoni.

Av konsesjonane til fly galdt 13 berre telefoni, medan 31 galdt telegrafi og telefoni.

Trafikken til og frå norske skip over kyststasjonar i utlandet deler seg slik:

Telegram og telefonsamtaler over kyststasjon i	Året 1950 Til skip	Frå skip	Av dette til/frå Noreg	Året 1951 Til skip	Frå skip	Av dette til/frå Noreg
Europa	8 332	35 725	6 664	9 253	40 517	9 715
Afrika	3 082	11 054	206	3 539	11 502	263
Amerika	11 687	39 206	1 264	12 453	43 560	2 233
Asia	2 278	5 488	98	2 861	7 363	141
Australia	1 156	2 543	101	1 318	2 764	131
I alt	26 535	94 016	8 333	29 424	105 706	12 483

Oppgåva tek berre med trafikk for skip som Telegrafstyret gjer opp for.

Per 30. juni 1950 var det 44 skip og per 30. juni 1951 40 skip som fekk oppgjera sine gjennom utalandske føretak.

Konsesjonar til radioamatørar o. fl.

Da budsjettåret enda, hadde 1 071 amatørar og 72 sjømannskular, firma o. a. løyve til å nytta radiosendarar i amatørbanda, 80 faste- og basisstasjonar og 229 landmobile stasjonar hadde konsesjon for bruk av VHF-samband.

Kringkastinga.

Nye kringkastarar og større brigde ved kringkastarane:

Arbeidet med den nye sendaren på Kløfta har haldi fram etter planane.

Monteringsarbeidet med den 240 meter høge sylindriske stålmasta på Vigra blei ferdig hausten 1952, og sjølvstrålarantenna blei teken i bruk 20. januar 1953.

Fredrikstad kringkastar tok i bruk eit automatisk system for snuing av kortbylgjeantennene.

Det blei i budsjettåret sett i gang førebuande etterrøykingar med tanke på å setja opp VHF-FM-sendarar på Voss og i Lyngdal. Ein har hatt forsøk i gang fleire stader i landet med bruk av kraftlinene for spreiing av kringkastingprogramma på lang- og mellombylgje.

Kringkastarar i drift da budsjettåret enda:

På *lang- og mellombylgje* var det i drift 3 sendarar på 100 kW, 4 på 20 kW, 3 på 10 kW og 17 mindre sendarar. 12 av desse småsendarane hadde ikkje fast betjening. Dessutan var det 11 reservesendarar.

På *kortbylgje* var det 5 sendarar i drift: ein 100 kW-sendar og to 10 kW-sendarar i Fredrikstad, ein 5 kW-sendar i Oslo og ein 10 kW-sendar i Tromsø. Programma på kortbylgje blei sende i 13, 16, 19, 25, 31, 41 og 48 meter banda.

Da budsjettåret enda, var det i alt 43 sendarar ved kringkastarane.



Frå 7/8 1941 tok tyskarane til å draga inn kringkastingapparat frå lydarane.

Kringkastinglydarar:

Da budsjettåret enda, var det i alt 867 872 lydarar. Auken i budsjettåret var 33 908.

Utgifter i samband med Kringkastinga:

For teknisk drift av kringkastarane har Telegrafverket hatt desse utgiftene som Norsk Rikskringkasting har dekt etter rekning:

Løn o. m.	kr. 1 062 001,83
Andre driftsutgifter	- 1 255 700,68
I alt	kr. 2 317 702,51

Til frådrag i denne summen går kr. 37 123,49 for husleigeinntekt o. m. ved kringkastarane.

For ståk-kontrollen:

Løn o. m.	kr. 125 121,98
Andre utgifter	- 152 381,28
I alt	kr. 277 503,26

For anleggsverksemda ..... kr. 1 182 992,31

Utanom dette kjem lineleige og refusjon av administrasjonsutgifter og nokre andre utgifter.

Da budsjettåret enda, var det i alt 87 personar i arbeid ved kringkastarane og 12 radiokontrollørar ved ståkkontrollen.

Sjå elles tabell 10 c.

VI. Trafikk, takstar og trafikkinntekter.

Telegraf og telex.

Budsjettåret 1951-1952	Telegram	Budsjettåret 1952—1953	Auke i budsjettåret I alt	Auke i budsjettåret I pst.
4 999 310	Innalandstelegram	4 580 798	÷ 418 512	÷ 8,4
820 798	Terminaltelegram til utlandet	825 247	4 449	0,5
879 089	Terminaltelegram frå utlandet	875 703	÷ 3 386	÷ 0,4
24 450	Transitt-telegram	31 044	6 594	27,0
6 723 647	I alt takserte telegram	6 312 792	÷ 410 855	÷ 6,1
473 144	Vertelegram	375 073	÷ 98 071	÷ 20,7
151 972	Tenestetelegram	139 270	÷ 12 702	÷ 8,4
7 348 763	I alt ekspederte telegram.....	6 827 135	÷ 521 628	÷ 7,1
32 030 601	I alt telegramekspedisjonar	30 063 473	÷ 1 967 128	÷ 6,1

Budsjettåret 1951—52	Sereigne telegram[1])	Budsjettåret 1952—1953 Til innlandet	Til utlandet	Frå utlandet	Sum	Auke i pst.
88 078	Iltelegram	30 520	27 450	18 552	76 522	÷ 13,1
2 709	Presse- og presseiltelegram	196	1 427	782	2 405	÷ 13,2
314 868	Brevtelegram	30 256	113 490	195 237	338 983	7,7
180	Bilete-telegram	—	30	20	50	÷ 72,2
4 076	Oppslagstelegram om fisket	3 329	—	—	3 329	÷ 18,3
1 036 210	Lokaltelegram	990 960	—	—	990 960	÷ 4,4
195 004	Tenestetelegram (tj, tjm, st)[2]	100 342	38 928	43 068	182 338	÷ 6,5
3 081 430	Telefonerte telegram, inn til stasjonane[2]	3 009 844[3]	—	—	3 009 844	÷ 2,3
890 297	Telefonerte telegram, ut til adressatane[2]	861 601[3]	—	—	861 601	÷ 3,2
3 497 572	Lx-blankettar[2] (einingar)	3 288 107	—	42 396	3 330 503	÷ 4,8
	Telex:					
69 813	Inntelegraferte telegram (frå abonnentane)	87 572[3]	—	—	87 572	19,7
142 866	Uttelegraferte telegram (til abonnentane)	178 431[3]	—	—	178 431	24,9
22 824	Taksert lokaltraf.: periodar	12 354	—	—	12 354	÷ 45,9
524 552	Taksert traf. elles: periodar	322 576	168 019	181 056	671 651	28,0

1) For innarikstrafikken gjeld oppgåva berre trafikk ved dei sjølvstendige stasjonane.
2) Understasjonar medrekna
3) Innlandet og utlandet saman

I samtrafikk med Norges Statsbaner blei det sendt 129 173 og motteki 45 180 telegram.

I gjennomsnitt var det i samanlikning med tidlegare år (trafikken til og frå utlandet teken med):

	1930—31	1938—39	1948—49	1951—52	1952—53
Ekspedisjonar per taksert telegram	4,24	4,47	4,96	4,76	4,76
Iltelegram:					
Per 100 innalands-telegram	0,67	0,32	1,64	1,04	0,91
Per 100 utalands-telegram (sende og komne)	1,70	1,73	2,82	2,96	2,70

Ikkje leverte telegram.

	1930—31	1938—39	1948—49	1951—52	1952—53
Til saman, inna- og utalandske	10 308	6 571	17 887	17 522	15 746

Innalands-telegram.

Frå 1. juli 1952 blei taksten for vervarsel sett til 7,5 øre ordet pluss grunntakst kr. 1,00, med minstetakst kr. 2,50.

Ein ny Lx-blankett nummer 24 (kondolanseblankett) blei teken i bruk 15. september 1952. Blanketten kostar 1,00. Frå 12. mai 1953 fekk ein også ein ny vanleg Lx-blankett, nummer 25.

Inntektene og talet på telegram var i samanlikning med tidlegare år:

Budsjettår	Inntekter Kr.	Telegram	Innt. jamt over per tgm. Kr.
1930—1931	3 791 808,16	2 373 811	1,60
1938—1939	3 945 102,26	2 399 556	1,64
1947—1948	14 688 162,51	6 096 151	2,41
1948—1949	14 243 224,28	5 762 637	2,47
1949—1950	13 342 176,33	5 324 056	2,51
1950—1951	13 278 776,88	5 189 218	2,56
1951—1952	15 758 460,40	4 999 310	3,15
1952—1953	17 736 379,86	4 580 798	3,87

Innalandstrafikken har siste året gått ned med 8,37 %. Størst er nedgangen for månadene februar (14,2 %) og april (14,3 %).

Samanlikna med 1938—39 er talet på telegram likevel auka med 90,9 %.

Utalands-telegram.

Frankekvivalenten for trafikk med utlandet blei auka frå kr. 2.00 til kr. 2,30 frå 1. november 1952.

Da budsjettåret enda, var talet på linetelegrafsamband med utlandet 8, alle med fjernskrivarar. Det var i alt 14 direkte radiosamband med utlandet.

Inntektene og talet på telegram var i samanlikning med tidlegare år:

Budsjettår	Inntekter Kr.	Telegram (sende, komne og transitt)	Inntekt jamt over per tgm. Kr.
1930—1931	2 225 999,89	1 721 625	1,29
1938—1939	3 087 061,78	1 571 619	1,96
1947—1948	6 949 928,64	1 481 121	4,69
1948—1949	6 970 882,22	1 533 724	4,55
1949—1950	7 830 151,20	1 637 033	4,78
1950—1951	9 216 930,08	1 722 424	5,35
1951—1952	9 426 944,08	1 724 337	5,47
1952—1953	10 483 686,86	1 731 994	6,05

Utalandstrafikken auka med 0,54 % for sende telegram. Auken var størst i september (9,1 %) medan nedgangen var størst i januar (6,2 %). Talet på komne telegram minka med 0,39 % i samanlikning med førre året. Nedgangen var størst i januar (7,2 %) og februar (8,5 %) medan auken var størst i september (5,2 %).

Tek ein og transitt-trafikken med, auka trafikken i alt med 0,44 %. Samanlikna med 1938—39 er talet på telegram auka med 10,2 %.

Transitt-trafikk.

	1949—50 Telegram	1950—51 Telegram	1951—52 Telegram	1952—53 Telegram
Samla transitt-trafikk	5 311	23 093	24 450	31 044
Av den:				
mellom Frankrike og Sverike	5 042	8 571	7 366	6 011
» Portugal og Sverike	—	8 130	7 244	7 122
» Portugal og Danmark	—	4 380	4 184	4 367
» Amerika og Danmark	13	8	2 877	8 866
» Portugal og Finnland	—	516	494	817
» Belgia og Sovjetsamveldet	9	2	360	379

Sjå elles sergreining tabell 4 b.

Telex.

15. juli 1952 opna telextenesta med Luxembourg og 21. juli 1952 med Sambandstatane. Da budsjettåret enda, hadde Noreg telexteneste med i alt 14 land.

Talet på direkte telexsamband med utlandet var:

Belgia	2
Danmark	8
Finnland	2
Frankrike	2
Nederland	4
Storbritannia	8
Sverike	10
Tyskland	10
I alt	46 samband

Rikstelefon.

Budsjettåret 1951—1952	Samtaler	Budsjettåret 1952—1953	Auke i budsjettåret I alt	Auke i budsjettåret I pst.
38 299 659	Innalandssamtaler	39 896 562	1 596 903	4,2
430 964	Samtaler til utlandet	466 241	35 277	8,2
421 518	Samtaler frå utlandet	457 635	36 117	8,6
48	Transittsamtaler	138	90	187,5
39 152 189	I alt takserte samtaler	40 820 576	1 668 387	4,3
444 826	Tenestesamtaler	441 688	÷ 3 138	÷ 0,7
39 597 015	I alt rikstelefonsamtaler	41 262 264	1 665 249	4,2
117 708 025	I alt rikstelefonekspedisjonar [1]	120 149 503	2 441 478	2,1
	Samtaleperiodar og minutt:			
46 942 153	Innalandssamtaler, periodar	48 930 764	1 988 611	4,2
12 784 793	—»— minutt	13 851 454	1 066 661	8,3
2 219 396	Samtaler til utlandet, minutt	2 418 477	199 081	9,0
34 791	Grensesamtaler til utlandet, periodar	33 654	÷ 1 137	÷ 3,3
2 241 831	Samtaler frå utlandet, minutt	2 375 348	133 517	6,0
35 514	Grensesamtaler frå utlandet, periodar	38 117	2 603	7,3
656	Transittsamtaler, minutt	1 980	1 324	201,8
47 012 458	I alt samtaleperiodar	49 002 535	1 990 077	4,2
17 246 676	I alt samtaleminutt	18 647 259	1 400 583	8,1

1) I tabell 8 er inngåande fjernvalsamtaler rekna med.

Budsjettåret 1951—1952	Sereigne samtaler[1]	Budsjettåret 1952—1953 Til innlandet	Til utlandet	Frå utlandet	Sum	Auke i pst.
1 275 114	Ilsamtaler	1 266 026	41 978	23 310	1 331 314	4,4
501	Lynsamtaler	—	33	306	339	÷ 32,3
42 932	Pressesamtaler	57 281	—	—	57 281	33,4
16 789	Abonnementsamt. om dagen	19 283	360	315	19 958	18,9
233 936	Vanlege samtaler i tid med liten trafikk	—	123 737	119 183	242 920	3,8
3 281	Abonnementsamt. i tid med liten trafikk	[2]	2 495	664	3 159	÷ 3,7
12 532 954	Tilseiingar, bodsend.[3]	12 131 387	306 825	253 244	12 691 456	1,3
	Kringkastingoverføring:					
599	Sendeline	—	199	155	354	÷ 40,9
582	Konferanseline	—	190	154	344	÷ 40,9

1) For innarikstrafikken gjeld oppgåva berre trafikk ved dei sjølvstendige stasjonane.
2) Innalandske abonnementsamtaler i tid med liten trafikk og om dagen er slått saman.
3) Understasjonane medrekna.

I gjennomsnitt var det i samanlikning med tidlegare år (trafikken til og frå utlandet teken med):

	1930—31	1938—39	1950—51	1951—52	1952—53
Ekspedisjonar per taksert samtale	3,01	3,21	3,05	3,01	2,94
Ilsamtaler per 100 innal.-samtaler	0,72	0,41	5,43	5,48	5,56
Il- og lynsamtaler per 100 utal.samt.	2,05	1,31	11,60	9,82	7,10
Bodsendingar og tilseiingar per 100 samtaler	34,95	45,17	32,96	32,01	31,09
[1])Periodar per 100 samtaler ved:					
Sjølvstendige stasjonar	120,7	124,2	143,3	144,7	144,8
Understasjonar	112,0	109,4	118,1	119,2	120,3
Alle stasjonane	117,6	118,5	132,4	133,7	134,3

1) Gjeld berre innarikstrafikken

Innalandske rikstelefonsamtaler.

Rikstelefontakstane over dei ymse avstandane var i budsjettåret:

Avstand	Takst-sone	Grunntakst		
		Dag- og natt-takst		Kveldtakst
		For perioden Øre	For minuttet Øre	
0— 25 km	I	40		Frå 14/9 42 ingen kveld-takst
25— 50 -	II	70		
50—100 -	III	110		
100—250 -	IV	160		
250—500 -	V	210	70	
over 500 -	VI	270	90	

Tilseiingsavgifta var 40 øre for takstsonene I—IV og 60 øre for sonene V—VI. Avgifta for bodsending inna- og utafor omberingskrinsen var 1 krone per kilometer.

Inntektene og talet på samtaler var i samanlikning med tidlegare år:

Budsjettår	Inntekter Kr.	Samtaler	Innt. jamt over per samt. Kr.
1930—1931	10 736 918,27	13 720 247	0,78
1938—1939	14 619 630,13	17 694 046	0,83
1947—1948	42 388 434,49	33 555 454	1,26
1948—1949	45 132 898,33	34 857 118	1,29
1949—1950	47 277 151,49	35 305 350	1,34
1950—1951	50 635 920,37	36 752 702	1,38
1951—1952	57 578 079,10	38 299 659	1,50
1952—1953	60 927 466,52	39 896 562	1,53

For heile budsjettåret har samtaletalet auka med 4,17 %. I november var det nedgang i samanlikning med førre året (0,7 %), dei andre månadene auka trafikken, mest i mars (8,9 %) og i juni (10,4 %).

Samanlikna med 1938—39 er samtaletalet auka med 125,5 %.

Samtaleperiodane delt på takstsoner.

Dei innalandske samtaleperiodane er talde opp for månadene oktober 1952 og april 1953. Ein går ut frå at medeltalet for desse månadene stort sett svarer til månadstala jamt over for heile budsjettåret.

Takst	Takst-sone	Oktober 1952		April 1953		Rekna ut for budsjettåret			
						1952—1953		1951—1952	
		Periodar	%	Periodar	%	Periodar	%	Periodar	%
40 øre	I	1 793 559	38,26	1 631 484	38,63	20 578 464	38,43	19 892 660	38,85
70 -	II	1 051 722	22,44	930 399	22,03	11 909 056	22,24	11 423 558	22,31
110 -	III	957 737	20,43	856 460	20,28	10 902 356	20,36	10 358 520	20,23
160 -	IV	482 487	10,29	443 549	10,50	5 563 628	10,39	5 284 228	10,32
210 -	V	314 964	6,72	278 513	6,59	3 566 291	6,66	3 292 401	6,43
270 -	VI	87 177	1,86	83 390	1,97	1 028 120	1,92	952 390	1,86
		4 687 646	100,00	4 223 795	100,00	53 547 915	100,00	51 203 757	100,00

Utalandske rikstelefonsamtaler.

Frankekvivalenten for trafikk med utlandet blei auka frå kr. 2,00 til kr. 2,30 frå 1. november 1952.

I budsjettåret fekk Noreg telefonteneste med desse landa:

Goa (frå 1. juli 1952).

Libanon (frå 1. november 1952).

Da budsjettåret enda, hadde Noreg telefonteneste med i alt 27 land i Europa og 73 land utanom Europa.

Noreg fekk direkte telefonsamband med Belgia frå 13. august 1952. *Talet på direkte samband med utlandet* var den 30. juni 1953:

til Sverike	62	samband
Danmark	14	»
Finnland	5	»
England	7	»
Tyskland	5	»
Nederland	2	»
Frankrike	2	»
Belgia	1	»
Sveits	1	»
U. S. A.	1	» (radio)
I alt	100	samband.

Inntektene og talet på samtaler var i samanlikning med tidlegare år:

Budsjettår	Inntekter	Samtaler (ut, inn og transitt)	Innt. jamt over per samt.
	Kr.		Kr.
